

Oppdragsgiver: **Windafjord Port AS**

Oppdragsnr.: **52307133** Dokumentnr.: **R05-V01 Vurdering av merknader_RFK_RD**

Til: Vindafjord kommune

Fra: Marianne Tangeraaas

Dato 2024-02-16

► Vurdering av merknader til oppstartsvarsel

	Namn	Svarer på vegne av	Dato
1.	Kjell Erik Gangstø	Privat eigedom 332/72 og 75	2023-11-13
2.	Gangstø Transport	Privat eigedom 332/77	2023-11-13
3.	Gangstø Holding	Privat eigedom 333/24	2023-11-13
4.	Ivar Persvangen Ødegård	Privat eigedom 332/1 og 17	2023-11-16
5.	Terje Gausvik	Privat eigedom 332/74	2023-11-16
6.	Bjarne Dommersnes	Privat eigedom 332/114	2023-11-24
7.	Ivar Sandstå og Merete J Sandstå	Privat eigedom 333/7 og 333/9	2023-11-30
8.	May Britt og Kjell Vikingstad	Privat eigedom 326/77 og 92	2023-12-07
9.	Fagne AS	Eigar av høgspenteledning i planområdet og leverandør av kraft	2023-12-08
10.	Jon Magne Svendsbøe		2023-12-08
11.	Kirsten Bakkevig	Privat eigedom 332/10	2023-12-08
12.	Ålfjorden Idyll AS v/Terje M. Dommersnes	Ålfjorden idyll AS 332/112 og 119	2023-12-09
13.	Statsforvaltaren i Rogaland	Overordna mynde	2023-12-10
14.	Egil og Olaug Sundve	Privat eigedom Naustvika 178	2023-12-12
15.	Mona Aksdal og Vidar Maurangsnes	Privat eigedom 332/77 og 92	2023-12-12
16.	Terje Framnes	Privat eigedom 109/7	2023-12-12
17.	Statens vegvesen	Vegmynde	2023-12-13
18.	Rogaland fylkeskommune v/ plan-, miljø-, og samfunnsavdelingen	Overordna mynde	2023-12-13
19.	Stavanger Maritime Museum	Sektormynde	2023-12-13
20.	Else Karrin D Vestbø	Privat eigedom	2023-12-14
21.	Björg Danielsen/Ove Jølbø og Camilla S. Dommersnes/Tor Dagfinn D. Dommersnes	Privat eigedom 333/27 og 101, samt 333/21	2023-12-15
22.	Direktoratet for mineralforvaltning	Sektormynde	2023-12-15
23.	Edvin Aarak og Iselin Løvhaug Tveiten	Privat eigedom 330/7	2023-12-15
24.	HIM	renovasjon	2023-12-15
25.	Hans Olaf Aakre Myrvang og Katharina S Ueland	Privat eigedom 332/32 og 39 (to separate, likelydande uttalar)	2023-12-17
26.	Jahn Anfin Tonjer	Privat eigedom 332/21 og 37	2023-12-17
27.	Jon Terje Aksland og Birte Susann B. Kvam	Privat eigedom 332/8	2023-12-17
28.	Kåre Sørvåg og Ingrid M. Sørvåg	Privat eigedom 332/4 og 30 (to separate, likelydande uttalar)	2023-12-17

29.	Magne Vik	Privat eigedom, ikkje oppgitt kvar	2023-12-17
30.	MOTVIND Tysvær	Organisasjon	2023-12-17
31.	Oppropet bevar Ålfjordens perle	Aksjonsgruppe (to tidlegare uttalar ble trukke og erstatta med denne).	2023-12-17
32.	Siv Bente A. Larsen og Martin Ulvebne Larsen	Privat eigedom, 332/66	2023-12-17
33.	Sveinung Askeland	Privat eigedom 109/1, 11 og 12	2023-12-17
34.	Sølvi Apeland Rogde	Privat eigedom 332/46 og 121	2023-12-17
35.	Terje Gausvik og Randi Torunn Larsen	Privat eigedom 332/57	2023-12-17
36.	Vikebygd Grendautval	Kommunalt utval	2023-12-17
37.	Berit Apeland Lilleås	Privat eigedom 332/121	2023-12-18
38.	NVE	Overordna mynde	2023-12-18
39.	Richard Svelland	Privat eigedom 334/20	2023-12-18
40.	Rogaland fylkeskommune seksjon for kulturarv	Overordna mynde	2023-12-18
41.	Vindafjord kommune v/Miljøretta helsevern	Kommunalt organ	2023-12-18
42.	Kystverket	Overordna mynde	2023-12-19
43.	Lillian Dommersnes	Privat eigedom, uvisst kvar	2023-12-21
44.	Judith Tove Dommersnes Andersen	Privat eigedom	2024-01-06

Innholdsliste

1. Kjell Erik Gangstø, datert 2023-11-13	5
2. Gangstø Transport AS, datert 2023-11-13	5
3. Gangstø Holding AS, datert 2023-11-13	5
4. Ivar Persvangen Ødegård, datert 2023-11-16	6
5. Terje Gausvik, datert 2023-11-16	7
6. Bjarne Dommersnes, datert 2023-11-24	7
7. Ivar Sandstå og Merethe J Sandstå, datert 2023-11-30	7
8. May Britt og Kjell Vikingstad, datert 2023-12-07	8
9. Fagne AS, datert 2023-12-08	9
10. Jon Magne Svendsbøe, datert 2023-12-08	10
11. Kristen Bakkevig, datert 2023-12-08	10
12. Ålfjorden Idyll AS v/Terje Magnar Dommersnes, datert 2023-12-09	11
13. Statsforvaltaren i Rogaland, datert 2023-12-10	11
14. Egil og Olaug Sundve, datert 2023-12-12	15
15. Mona Aksdal og Vidar Maurangsnes, datert 20203-12-12	16
16. Terje Framnes, datert 2023-12-12	17
17. Rogaland fylkeskommune v/ plan-, miljø-, og samfunnsavdelingen, datert 2023-12-13	17
18. Statens vegvesen, datert 2023-12-13	18
19. Stavanger maritime museum, datert 2023-12-13	18
20. Else Karin D Vestbø, datert 2023-12-14	19
21. Bjørg Danielsen/Ove Jølbø og Camilla S. Dommersnes/Tor Dagfinn D. Dommersnes, datert 2023-12-15	41
22. Direktoratet for mineralforvaltning, datert 2023-12-15	20

23. Edvin Aarak og Iselin Løvhaug Tveiten, datert 2023-12-15	21
24. HIM, datert 2023-12-15	23
25. Hans Olaf Aakre Myhrvang og Katharina S Ueland, datert 2023-12-17	23
26. Jahn Anfin Tonjer, datert 2023-12-17	25
27. Jon Terje Aksland og Birte Susanne B. Kvam, datert 2023-12-17	26
28. Kåre Sørvåg og Ingrid Mathilde Sørvåg, datert 2023-12-17	25
29. Magne Vik, datert 2023-12-17	27
30. MOTVIND Tysvær, datert 2023-12-17	29
31. Oppropet bevar Ålfjordens perle, datert 2023-12-17	30
32. Siv Bente A. Larsen og Martin Ulvebne Larsen, datert 2023-12-17	32
33. Sveinung Askeland, datert 2023-12-17	33
34. Sølvi Apeland Rogde, datert 2023-12-17	33
35. Terje Gausvik og Randi Torunn Larsen, datert 2023-12-17	34
36. Vikebygd grendautval, datert 2023-12-17	35
37. Berit Apeland Lilleås, datert 2023-12-18	36
38. NVE, datert 2023-12-18	37
39. Richard Svelland, datert 2023-12-18	39
40. Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, datert 2023-12-18	39
41. Vindafjord kommune v/Miljøretta helsevern, datert 2023-12-18	40
42. Kystverket, datert 2023-12-19	40
43. Lillian Dommersnes, datert 2023-12-21	40
44. Judith Tove Dommersnes Andersen, datert 2024-01-06	41

Innkomne merknader og uttalar

Varsel om oppstart av reguleringsarbeid for industriområde på Dommersnes i Vindafjord kommune blei sendt ut den 06.11.2023, med frist for å komma med innspel den 18.12.2024. Det er kome inn 42 innspel/merknader. Hovudvekta av merknadene kjem frå private. Hovudtrekka i innspela/merknadene er omtala i dette dokumentet. Innspel/merknader er vedlagt i sin heilskap i dokument R05-V03 Merknader samla Innspel er svart ut i forslagsstillar sin kommentar til kvart enkelt innspel.

1. Kjell Erik Gangstø, datert 2023-11-13

“Gardsnr 332-br. nr 72 og 75 ligger innanfor fase 2. Vi kan ikkje vente til hausten 2024 for å få ein avklaring. Det må komme fort gang i prosessen ang. innløsning av disse eiendommer, samt om det er alternativt område for å etablere seg på nytt. Det ligger inne forkjøpsrett til ein del av området, samt rett til bruk av kai.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Endeleg planforslag vil sette rammene for utviklinga av område og det vil der gå fram kva for konsekvenser det vil ha for eigedommane. Eventuell innløsning av eigedommar, vil ein ikkje ta stilling til i sjølv planarbeidet. Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Windafjord Port vil ha ein eigen prosess knytt til eigedommar og bedrifter som ligg innafor planområdet.

2. Gangstø Transport AS, datert 2023-11-13

I fase 2 er denne eiendommen tatt med. Den må da løses ut. Det er ikke kommet noen indikasjon på hvilken størrelse innløsningssummen vil bli. Dette må komme komme frem, da det er viktig for vår fremtidige virksomhet. Vi driver med transport og gjenvinning. Det er ikke berre å flytte gjenvinnings delen. Det skal godkjennes av kommune, fylke og Miljødirektoratet. Det er mange nye krav som stilles til nye anlegg, som vi ikke hadde da vi startet opp. Dette er en langvarig prosess og kan 2-3 år før godkjenninger ligger på plass, samt oppbygging av nytt anlegg som snart kan ta 1-2 år. Vi har en del oppgradering som skulle vert gjort, men som vi har utsatt grunnet det nye prosjektet til Westcon. Vi kan ikke vente til høsten 2024 for å gjøre dette, for da vil vår gjenvinnings del stoppe opp. Så vi må snarlig komme i dialog om innløsning av våre eiendommer. Dette på grunn av at oppgradering kommer til å koste mange mil. kroner.

Forslagsstillar sin kommentar:

Sjå kommentaren til Kjell Erik Gangstø sin uttale, datert 2023-11-13.

3. Gangstø Holding AS, datert 2023-11-13

“Denne eiendomm er på ca 20 dekar ligger i fase 3 området. Skulle ikkje fase 3 komme, så kan dette være område for å flytte eksisterende virksomhet til. Denne tomte er ikkje bebygget så her kan ein vente ei stund for avklaring.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Sjå kommentaren til Kjell Erik Gangstø sin uttale, datert 2023-11-13. og Gangstø Transport AS med same dato. Sjølv om det er forskjellige selskapa/personar som står bak, vil eigedomane og plassering ved eventuell flytting bli vurdert som ein del av planprosessen. Dette er ikkje til hinder for en dialog om en intensjonsavtale mellom Dommersnes AS og partane.

4. Ivar Persvangen Ødegård, datert 2023-11-16

Oppsummering: Bekymra for støy, lys utsikt, forringa moglegheiter for jakt og fiske, påverknad av biedrift. Positiv til utvikling, men ikkje av denne karakteren.

“...Det er med dyp bekymring jeg leser planene som foreligger på Dommersnes. Jeg er bekymret for fjorden, fjella og Vikebygd. Vikebygd er kjent som "Ålfjorden Perle". Et hjemsted, feriested og rekreasjonsområde for svært mange. Vikebygd er først og fremst kjent for sin flotte og tilgjengelige natur, og en plass man finner roen. Vikebygd er ikke, og vil aldri kunne bli ei industribygd. Jeg er oppriktig bekymret for at det som har trukket folk til bygda vil forsvinne med planene på Dommersnes, og at vi står igjen med ei rasert bygd, en forurensa fjord og et fjell ingen vil bruke. Det er dog viktig å få frem at jeg, og mange andre, er svært positive til aktivitet og utvikling på Dommernes. Dette tror jeg blir godt ivaretatt ved gjennomføring av det som er kalla "Fase 1". Selv om den fasen også er omstridt og ikke nødvendigvis blir tatt imot med åpne armer av alle, så gir den muligheter for aktivitet på industriområdet. Dette kan nok gjennomføres uten å ødelegge for signaturen til Ålfjorden og Vikebygd. Den industrien en da satser på, må har forankring i Vikebygd.Litt mer konkret om hvilke bekymringer jeg og min familie har for fase 2 og 3:

- Støyproblematikk
- Lysforurensing
- Ødelagt utsikt både på tur og fra tunet vårt (eks. når turbinene blir liggende i fjorden).
- Forringede muligheter for et aktivt fiske- og båtliv.
- Forringede jaktområder og muligheter. Jaktvaldet vårt ligger innenfor planlagt område og er et sentralt område i forbindelse med hjortetrekking på kveld og morgenen. I tillegg har myrområdet i øst vært et viktig vinterområde for hjortebestanden vår.
- Fremtiden til mine barn og barnebarn. Ei bygd som har dødd ut og blitt uattraktiv pga utbygginga.
- Forringede forhold for drift av bier. Vi har startet med bier og produksjon av honning. Mye tyder på at biene er sensitive hva gjelder lyd, lys og støv. Vi har i dag kuber i et område som ligger nært gården vår, så avstand til den nordligste delen av fase 3 er omtrent 500 meter. Men når man vet at bier arbeider ut fra en radius på 1500 meter, så er man langt innenfor. Videre har vi hatt konkrete planer om flytting av kuber tilknyttet lyngtrekket so mfinder sted på sensommeren. Et ideelt område for dette, og som vi har tilgang til, ligger sør for Fase 3 og vil bli direkte berørt.....”

Forslagsstillar sin kommentar:

Merknaden er knytt til konsekvenser for gjennomføring av planen. Vi har ikkje grunnlag for å kunne svare på alle spørsmål og innspel no. Men tema og konsekvensar som er nemnd i merknaden vil bli utgreidd før ein fattar vedtak. Støy er kommentert særskilt og vil vera eit eige utgreiingstema og vil bli gjennomført i samsvar med rettleiar T-1442/2021 som regulerer støyande aktivitetar. Lysforureining skal greiast ut under temaet landskap. Nær og fjernverknad vil og bli greidd ut under tema landskap. Ønska industriutvikling på området vil bli modellert og vurdert. 3-Dmodellen vil vise planert terreng og målestokkriktige modeller av konstruksjoner på området og i sjøen. Illustrasjonar vil vise denne modellen frå fleire ulike utsiktspunkt og gje eit godt bilete av visuell påverknad på landskapet. I tillegg vil ein utføre ei synlegheitsanalyse for å syne storleiken på areal, korleis konstruksjonar og terreng vil sjå ut frå område utanfor planområdet.

Det vert laga illustrasjonar som syner verknadar frå seks til åtte relevante stadar på land, samt to-tre oversikts-/flybilete. Stadane veljast slik at dei er relevante for ålmenta, basert på fotografi og bilete frå datamodellen. Konsekvensane skal greiast ut og omtalast i eige notat som blir innarbeidd i samla konsekvensutgreiing knytt til planskildringa.

Kva for verknader planen vil ha for bruk av fjorden, t.d fiske og opplevingskvalitetar blir eit eige utgreiingstema under friluftsliv. Hjortetrekka gjennom område vil bli vurdert under tema naturmangfold. Myr

og bruken av myra som levestad, økosystem og karbonlagrar vil bli greia ut under tema klima og naturmangfald. Det skal greiast ut kva verknader reguleringsplanen vil føre til for lokalsamfunnet der både tema som befolkning og bustadmarknad, transport og samferdsle mm kjem inn.. Forringa levekår for planter og dyr vil bli greia ut gjennom temaet naturmangfald.

5. Terje Gausvik, datert 2023-11-16

“Har forstått det slik at vi også skulle komme under den same planene som alle dei 4 fastboende. Dersom det blir full utbygging er avstand fra bolig 332/57 mot søraust 83m og bolig 333/13 kun 65m fra grensa. 332/66 er 96m fra grensa mot søraust. Og 332/32 er 150m fra grensa mot Søraust. Dette er strake linjer uten naturlig buffer/forhøyning.

Boligene 332/32 og 332/66 er henholdsvis 78m og 68m fra grensa mot Sør, her er det også en naturlig forhøyning. Så her forstår eg ikkje korleis dette er tenkt. Eg har forstått det slik at all 4 fastboende skal ivaretas. Ser at 333/13 er medtatt så det blir bare oss **332/74** som ikke er medtatt. Dette er rart og veldig urimelig. Håper at dette kan ordne seg.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Det blei lagt inn ein buffer på 25 m frå plangrensa ved varsling. Desse eigedommane er derfor ved ein feil lista opp i planprogramdokumentet som innafør plangrensa. Plangrensen vil kunne endre seg, men kravet er at alle eigedomar som ligg innanfor og grensartil, skal varslast. Dette er eit minimumskrav. Ved eventuell utviding kan det bli aktuelt å varsle fleire. Det er ope for alle som føler seg råka av planen å sende inn merknad om dette.

6. Bjarne Dommersnes, datert 2023-11-24

“Eg synest dette er ikke bra for bygda med så stor utbygging av området, kommer til å rasere heile bygda med dette. Må også forstå at alle eiendommene i Vikebygd kommer til å dette i verdi så det vil si at beboerne ikke får selge husa sine. Dette blir ikke bra på nokon måte. Eg er eiger av 332/114 som kommer til å grense til dette, her er det snakk om store tap på eiendommen som nokon må dekke enten med komposisjonen eller ytløysning av eiendommen. Det får vi ta etter kvart som utbyggingen kommer nordover og nærmere seg eiendommen, for veit lite kost det blir til nå.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Merknaden er knytt til konsekvenser ved gjennomføring av planen for Vikebygd og hans eigedom..

Eventuell innløyning av eigedommar vil ein ikkje ta stilling til i sjølve planarbeidet. Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Windafjord Port vil ha ein eigen prosess knytt til eigedommar og bedrifter som ligg innafør planområdet.

7. Ivar Sandstå og Merethe J Sandstå, datert 2023-11-30

“Eg og Merethe Jonseth Sandstå kjøpte i august i år småbruket på Dommersnes 12. Vi var ikkje flinke nok til å undersøke om planene til Dommersnes AS. Hadde vi visst alt vi veit i dag, så hadde vi aldri kjøpt småbruket. Planen var å starte bla med sau. Området som er planlagt utbygd ligger bla. på vår eigedom. Eit område vi i utgangspunkt hadde tenkt skulle være ein del av sommerbeite for sau. Vi har ikkje mange gode muligheter for sommerbeite på vår eigedom.

Dette området vil forsvinne dersom det blir utbygging. Vi mister også vedproduksjon og vi er usikre på om vi blir blokkert fra å lage oss skogsveg oppover lia. Vikebygd vil heller ikkje bli den flotte og sjarmerende naturbygda dersom det går mot utbygging.

Eg har vært ein svært ivrig ornitolog i snart 35 år. Den tida vi har budd her har eg observert fleire sårbare og rødlistede fuglearter i det planlagte utbyggingsområdet: Hønsehauk, musvåk, enkeltbekkasin, rugde, dvergspett, kvitryggspett, flaggspett med fleire. Eg vil anta at alle bortsett fra musvåk, hekker i området. Norge bygger ut meir og meir sårbar natur, og snart mister vi eit flott naturområde til.”

Forslagsstillar sin kommentar

Eigedommen vert råka av planarbeidet og får avgrensa moglegheiter for vidare utvikling. Observerte sårbare og raudlista fuglar vil vere del av kartlegging av naturmangfald på land. Fagkunnig vil bli gjort merksam på observasjonane.

Eventuell innløyasing av eigedommar vil ein ikkje ta stilling til i sjølve planarbeidet. Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Windafjord Port vil ha ein eigen prosess knytt til eigedommar og bedrifter som ligg innafor planområdet.

8. May Britt og Kjell Vikingstad, datert 2023-12-07

“..... Dagens situasjon må defineres som null-alternativet for å få et riktig sammenligningsgrunnlag, og for å kunne vurdere og belyse de omfattende konsekvensene av utbyggingen. Planprogrammet må ha med utredning av konsekvenser for trivsel, bomiljø og stedsidentitet. Planforslaget må ta hensyn til stedets egenart og særpreg for å unngå tap av karakter og identitet (stedstap). Det bør utarbeides en stedsanalyse som grunnlag for vurdering av konsekvenser den omfattende utbyggingen vil få for identiteten til Vikebygd som sted og bygd. Planforslaget som viser opparbeidelse og sprenging av et enormt stort industriområde samt 250 m høye vindturbiner i forden, vil påvirke trivsel, bomiljø og stedsidentitet.Det må også utredes hvilke konsekvenser utbyggingen får for utvikling av turisme og annen næring som er knyttet til landskap- og naturopplevelse samt friluftsliv. I Ålfjorden er det et rikt fugleliv og det er registrert havørn, kongeørn, fiskeørn, hønsehauk og hubro i planområdet. Det må utføres ny feltkartlegging av fugleliv og naturmangfold i sjø og på land, og tiltakets påvirkning og konsekvens for naturmangfold må hensyntas i planforslaget. Innenfor planområdet er det i Naturbase registrert purpurlyng som er en nær trua art, og utenfor planområdet er det registrert fiskemåke og sanglerke som også er nær trua arter. I området foreslås riggområde i sjø er det i Naturbase registrert et gyteområde for torsk og et gyteområde for alle arter (miljødirektoratet.no). Riggområdet i sjø vil påvirke gyteområdene og konsekvenser må hensyntas i planforslag. Området Vikefjellet er registrert som inngrepsfritt naturområde i Naturbase. Det må utredes hvordan utbyggingen vil påvirke naturmangfold og dyreliv i dette uberørte fjellområdet..... Viktige friluftsområder må kartlegges innenfor planområdets influensområde, samt vurdere hvordan tiltaket vil påvirke friluftsområdenes attraktivitet. Konsekvenser for friluftsliv på sjø og på land må hensyntas i planforslag. Området Langavatnet og Trollafjell samt Skjeljavika badeplass er registrert som svært viktig friluftslivsområde. Dyraskar og Trodlandibbå samt Sætrafjellet og Ulserhaug (Vikefjellet) er registrert som viktig friluftslivsområde (miljødirektoratet.no). Det planlagte industriområde og de 250 m høye vindturbinene vil være svært synlige sett fra Trodlandibbå og Sætrafjellet, og vil endre opplevelsen av å ferdes i disse viktige friluftssområdene.....Utredningsprogram viser at temaet landskap skal konsekvensutredes, og det er foreløpig ikke utarbeidet fagrapport som viser resultater av analyser eller vurdering av påvirkning og konsekvens for landskapet.....Utbygging av industriområdet vil medføre store og skjemmende inngrep, og vindturbinene vil være dominerende og få en uheldig virkning på silhuetten. Tiltaket vil være synlig både i forhold til nær- og fjernvirkning, og vil i stor grad skjemme landskapet visuelt. Landskapskarakteren vil endres av tiltaket, og konsekvenser for landskapet vil være svært negative. I en reguleringsplan skal illustrasjoner vise det som er det maksimale planen vil øllate.Det må utarbeides nye illustrasjoner som viser riktig omfang og konsekvens av tiltaket vist på nært hold fra sett fra Ålfjorden, Børkjenes og Vikebygd. I tillegg må det utarbeides illustrasjoner som viser tiltaket sett på avstand fra Trodlandibbå, Sætrafjellet, Alnefjellet og fra Sveio kommune. Illustrasjonene må vise riktig omfang og opparbeidelse av industri- og

riggområde, riktig omfang og høyde på fjellskjæringer, samt riktig størrelse på vindturbiner i 250 m høyde.Støypåvirkning må utredes, og konsekvenser for støy må hensyntas i planforslaget. Planbestemmelsene må ha med forbud mot arbeid på kveld og natt, samt helgedager og helligdager. Lyd- og lysforurensning må også utredes og hensyntas i planforslag, spesielt lyspåvirkning nattestid.

Hensyn till overordnede planer

Gjeldende kommuneplan for Vindafjord, 2017-2029, sier at kommunens satsingsområde er levende bygder, handlekraft og bærekraftig arealforvaltning. Planforslaget vil være i strid med kommuneplanen i forhold til verdivalg som trivsel, levende bygder og attraktive boligmiljø. En så omfattende utvidelse av industriområdet på Dommersnes vil gjøre Vikebygd mindre attraktivt som boligmiljø, samt gi mindre trivsel for de som bor og lever i Vikebygd.”

Forslagsstillar sin kommentar:

For å kunne seie noko om konsekvensane til planforslaget er det naudsynt å gjera ei vurdering av null-alternativet. Det vil seie alternativ dersom tiltaka i planforslaget *ikkje blir gjennomført*, jf. forskrift om konsekvensutgreiing.

Det vil vera mest riktig å definere dagens situasjon på området som null-alternativ, fordi det er vanskelegare å vurdere kva som kan bli tillate innanfor gjeldande reguleringsplan utan å gjennomføre ein revisjon. Juridisk sett er null-alternativet godkjent reguleringsplan med tilhøyrande føreseigner, men i praksis er det dagens situasjon. Eksisterande industrikaier og industritomter på begge sider av fylkesvegen er del av null-alternativet. Alle tema som er nemd i uttalen er dekkja av planprogrammet, med unntak av ein stadsanalyse for Vikebygd i seg sjølv. Det er ikkje planlagt gjennomført denne type utgreiing gjennom planarbeidet. Reguleringsplanen gjeld utvikling av eit industriområde i eit avgrensa område av Vikebygd og utgreiingstema har dette området som utgangspunkt. Utgreiingstema tek for seg trivsel og bumiljø under lokale verknader. Når det gjeld landskap, støy, naturmangfald, lokale verknader mm., skal alle desse temaa greiast ut og ein skal lage illustrasjonar som syner omfanget av tiltaket sett frå ulike stader i Vikebygd.

9. Fagne AS, datert 2023-12-08

“Fagne har dialog med tiltakshaver, som har forespurt om 5 MW strømforsyning. Dette er det ikke kapasitet til i eksisterende nett, så det må utredes tiltak for nettførsterkninger. Det går en 22 kV ledning innenfor planområdet, som kommunisert tidligere er ledningen ny (2017) og bør helst ikke flyttes som en del av ny vegføring. Observerer at dette er nevnt i tilsendt utkast til planinitiativ/planprogram kapittel. 8.3 Energilova.

Den aktuelle høyspente luftledningen har et rettighetsbelte på 16 meter. I plankartet må det da inntegnes en hensynssone omkring den høyspente luftledningen som følger:

- Høyspentlinjen (blank line) skal ha en hensynssone med en bredde på 16 meter, dvs. 8 meter på hver side av trasemidte.
- Høyspent luftledningen må også bli omtalt i planbestemmelser og rekkefølgebestemmelser.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Dersom ny fylkesveg blir ein realitet, vil det vera naudsynt å leggja 22kV-leidning i bakken. Den eksisterande høgspentlyna vil bli bandlagt med omsynssyne på 16 m, 8 meter på kvar side av trasemidte. Høgspentlyna vil bli omtala i planføresegnene. Dersom det blir naudsynt vil ein også knytte eventuelle rekkefølgekrav til høgspentlyna. Vidare dialog med Fagne som netteigar er naudsynt, og vil halda fram utover i planprosessen.

10. Jon Magne Svendsbøe, datert 2023-12-08

“Med referanse til e-post med merknadar frå underteikna saman med Hans Olaf Myrvang (Bevar Ålfjordens perle!) datert 07.12.2023, ynskjer eg å komma med eit par tilleggsmerknadar:

- Gjennom reguleringsprosessen må det stillast strengt krav om at planerte områder ikkje skal nyttast til lagerplass for Westcon dersom havvind-aktivitet ikkje blir noko av eller minkar i omfang, då slik bruk av området ikkje er ynskjeleg for bygda Vikebygd.
- Då skulen i bygda i fleire omgongar har vore i fare for å bli lagt ned grunna låge elevtal, er det særskild viktig for bygda å få *god/realistisk* analyse på kor mange som vil flytta til bygda som følgje av prosjektet. I den samanheng er det viktig i analysen å få med seg historiske realitetar frå prosjekt som har vore på Dommarsnes sidan starten:
 - Peconor, ekofisktankvegg prosjektet 1989/90: meg bekjent berre ein familie som flytta permanent til Vikebygd, ingen andre familiar som flytta til andre stadar i Vindafjord.
 - Hywind prosjektet rundt 2020/21: meg bekjent ingen som flytta permanent til verken Vikebygd eller andre stadar i Vindafjord.
 - Annan småindustri som har vore/er på Dommarsnes opp gjennom tida: meg bekjent to familiar som flytta permanent til Vikebygd.
 - Til samanlikning i Tysvær når Kårstø-anlegget blei bygd på første halvdel av -80 talet: Ingen som flytta til sjølve Kårstø-området/Falkeid. Skulen der blei lagt ned og flytta til Tysvær.

Sjølv om store prosjekt ikkje kan samanliknast direkte, illustrerer historia at store industriprosjekt i distriktet her ikkje har medført noko permanent tilflytting å snakka om lokalt.

Forslagsstillar sin kommentar:

Sjølvsagt om område primært skal nyttast til samanstilling av havvindturbinar, skal og må ein slik tilrettelegging med store inngrep og økonomiske konsekvensar sjåast i eit lengre og meir omfattande industri-utviklingsperspektiv. Eit industriområde vil med jamne mellomrom ha behov for lagring og det vil og vere naturleg å bruke deler av område til lagring i periodar med mindre aktivitet. Om industriutviklinga vil føre til tilflytting lokalt vil vere sentralt i konsekvensutgreiinga av temaet “verknader for lokalsamfunnet”. Vurderingane vil både omtale nærmiljø/Vikebygd men og kommunen og arbeidsmarkedsregionen. Tilgjengelege data frå tidlegare prosjekt vil vera ein del av datagrunnlaget.

11. Kristen Bakkevig, datert 2023-12-08

“..... Vi stiller oss fullt og helt bak May Britt og Kjetil Vikingstad sine innsigelser. I tillegg vil vi bemerke at det er oppdaget sårbare koraller i fjorden som vil bli skadelidende av utbyggingen. Vi ser også at den kommende loven mot all nedbygging av myrområder, effektivt vil stoppe fase 2 og 3 av utbyggingen. Vi vil fraråde Vindafjord kommune fra å ødelegge den vakre bygden for fremtidige generasjoner”

Forslagsstillar sin kommentar:

Kartlegging av korallförekomster og vurdering av desse er ein del av konsekvensutgreiinga som blir gjennomført i planarbeidet. Myr skal kartleggast og vurderast gjennom naturtypekartlegginga på land og det vil lalltid bli vurdert opp mot gjeldende regelverk. . Konsekvensutgreiinga vil vise i kva grad naturverdiar blir påverka og om det er trong for avbøtande tiltak, eller det er spesielle omsyn som må takast i det vidare arbeidet. Me viser elles til forslagsstillar sin kommentar til uttale frå May Britt og Kjetil Vikingstad.

12. Ålfjorden Idyll AS v/Terje Magnar Dommersnes, datert 2023-12-09

“Med så gigantisk industri område så tett på (både på land og sjø) vil kraftig forringa verdiene og kvaliteten av og ha hytter/robu i Ålfjord Idyll. Kommunen har tidligere tilrettelagt for hytter/robu-bygging med utgangspunktet i fred og ro og flott natur og no vil dei sjølv vera med på og å ødeleggja dette. Dei vil jo då rett og slett ha lurt hytte/robu-eigarar og påfører dei verdiforringing av hytter/robuene. Med så stor utbyggings område vil ødelegge heile bygda og trur det blir meir fraflytting en me får faste (tilflyttere) innbyggere.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Planprogrammet skal greie ut konsekvensane tiltaket vil ha for bygda, dette gjeld både for støy, natur (på land og i sjø), landskap, og lokale verknader av prosjektet. Dette gjeld og hytter/robu som ligg ved Ålfjorden.

13. Statsforvaltaren i Rogaland, datert 2023-12-10

“.....Naturmangfald i sjø og på land: Under kartleggingar i sjø sør og nord for tiltaket, er det oppdaga korallførekomstar sentralt i fjorden. I tillegg til registreringa vist i artskart, er det observert to førekomstar lengre sør i Ålfjorden.....Når ein skal undersøka naturmangfald i sjø er det viktig at området som vert undersøkt er stort nok med tanke på kva type påverknad ein forventar, både under anleggs- og driftstid. Ein må ikkje avgrensa seg til dei områda som vert direkte råka av eit arealbeslag, men også inkludera påverknaden i influensområde

Det er to større tiltak som inneber inngrep i fjorden; utfyllingar og riggområde. Utfylling i sjø er omfatta av forureiningslova, og her vil det krevja ein søknad om løyve til tiltak i sjø jf. § 11. I forbindelse med ein slik søknad forventast det utgreiing om både naturmangfald i sjø, og forureiningsgrad. Me anbefala, slik som konsulenten, at denne kunnskapen vert henta inn allereie på plannivå. Det er ikkje heilt klart kva som skal gjerast i riggområdet, eller kva avgrensing dette vil få. Kva som kan tillatast av aktivitet og utbreiing av riggområdet, må baserast på utgreiingar i planen. Det er registrert ei myr, Såtamy, innanfor planområdet. I dei nye nasjonale forventningane (vedteke 20.06.2023) er omdisponering av karbonrike areal eit tema. Forventing nummer 48 er spesifikt retta mot dette, den seiar at omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr, bør unngåast så langt som mogleg, slik at areala si evne til lagring og opptak av karbon oppretthaldast. Me forventar at vidare planarbeid tar omsyn til dei nasjonale forventningane på dette området. Me har også mottatt informasjon om at område i nærleik til myra kan være viktig for fugl, dette må avklarast i konsekvensutgreiinga.

Verknader for lokalsamfunnet:Utgreiinga må og ta med ei vurdering av potensielle negative verknader som ikkje blir dekt av andre tema i konsekvensutgreiinga eller planskildringa..... referat frå oppstartsmøtet skal folkehelse og vere ein del av utgreiinga av verknader for lokalsamfunnet. Dette går i liten grad fram av planprogrammet.

Landskap: I konsekvensutgreiinga bør landskapsopplevinga for lokalsamfunnet vera eit tema. Ein må vurdere korleis dei høge installasjonar som skal plasserast på land og i sjø vil påverka landskapsopplevinga for befolkninga i deira bustader, og for dei som nyttar seg av friluftslivet. Det må sikrast at dei negative landskapsverknadene av tiltaket blir så små som mogleg. Det må vurderast skjermingstiltak som tek omsyn til landskapsrom og hindrar støy.

Friluftsliv: Det offentlege bade-, og friområdet ved Skjeljavika ligg like utanfor planområdet. Det må greiast ut korleis planen vil verka inn på kvalitetane på dette statleg sikra friområdet. Dersom planen vil skjemma opplevinga til området, slik at det mistar dei kvalitetselementa det har, bør ein vurdere erstatningslokalitetar. Korleis riggområde i sjø vil påverka dei som nyttar seg av båtferdsel, fiske og rekreasjon bør granskast. Det

kjem ikkje tydeleg frem korleis dette riggområdet vil nyttast når anlegget er i drift, og ein bør sjå på konsekvensen av dette for dei som brukar fjorden.

Støy: Ein gransking av støyen som vil genererast som ein følgje av tiltaket er naudsynt, både kva ein forventa av støy under drift, men også i anleggsperioden. Me syner til Klima- og miljødepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021.

Sosial infrastruktur: Utviklinga ved Dommersnes vil gje kommunen fleire arbeidsplassar. Kor mange det blir, og om kommunen er rusta til å ta i mot nye innbyggjarar ved bustad, skule, barnehage og annan sosial infrastruktur bør også undersøkast og vektleggast i vidare prosess.

Vassforskrifta: Vassforskrifta slår fast at tilstanden i vatn skal beskyttast mot å bli forringa, den skal forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand

(Vassforskrifta §§ 4-6). Vassforskrifta har eit generelt forbod mot forringing. Ny arealbruk eller inngrep som medfører forringing kan i utgangspunktet ikkje gis løyve til. Dersom planforslaget kan føre til forringing, kan krava i vassforskrifta §§ 4-7 berre fråvikast på strenge vilkår i tråd med vassforskrifta §12. For å kunne gjere ei vurdering etter vassforskrifta §§ 4-6, må kunnskapsgrunnlaget for vassmiljø innehalde følgjande avklaringar for alle vassførekomstar som blir påverka/råka ved av tiltaket:

- Dagens miljøtilstand: økologiske og kjemiske tilstand jf. vassforskrifta i alle påverka/råka

vassførekomstar

- Dagens påverkingar, som allereie har effekt på miljøtilstanden
- Korleis planforslaget vil påverke vassmiljøet, slik som korleis dei ulike kvalitetselementa vil

påverkast.

- Korleis planforslaget vil påverke den samla belastinga på vassførekomstane. Vil planforslaget kunne føre til forringing av vassmiljøet jf. vassforskrifta (dagens økologiske eller kjemiske tilstand), eller medføre at miljømåla for vassførekomstane i influensområdet ikkje nås.
- Kva for avbøtande tiltak som er planlagt eller blir rekna som naudsynte for å sikre at ein unngår forringing.

Med «alle vassførekomstar som blir påverka/råka av tiltaket» meiner me vassførekomstar som blir påverka direkte og indirekte, tilgrensande vassførekomstar og vassførekomstar i influensområdet til påverka vassdrag. Undersøkingane og vurderingane må gjennomførast av personar med naudsynt fagkompetanse innan hydrologi og økologi. Undersøkingane må gjennomførast på rett tid av året, jamfør gjeldande rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn (Miljødirektoratets rettleiar 02:2018)

Forureining i sjø: På grunn av området sin lange historikk med industriverksemd kan ein forventa ein grad av forureining i sedimenta. Kva grad av forureining det er kan ha ein verknad inn på korleis tiltak i sjø skal utførast, og korleis sedimenta må handterast. Fordi det er forhold som kan ha ein påverknad på gjennomføringa av planen, bør tilstanden til sedimenta undersøkast i planprosessen. Det må søkast om løyve til tiltak i sjø jf. forureiningslova § 11, kor Statsforvaltaren er forureiningsmyndigheit. Dette bør gjerast tydeleg i føresegna til planen.

Forureining på land: Når ein skal bygga eller grave i forureina grunn, eller i område kor ein mistenk at det er forureina grunn, er det kommunen sjølv som er myndigheit. Dette er forankra i forureiningsforskrifta kapittel 2. Det må i dei tilfella utarbeidast ein tiltaksplan som skal sendast til kommunen. Det er avgjerande for korleis planen vert utforma, og korleis massane vert handtert at dette vert granska på plannivå.

Avrenning: I anleggstida vil ein forventa partikkelavrenning til fjorden. Det må gjerast ei vurdering av både mengde og avbøtande tiltak for å forhindra ein negativ påverknad på det biologiske mangfaldet i fjorden. Partiklar, sjølv om dei ikkje inneheld forureinande komponentar, kan ha ein svært negativ verknad på både fisk og marin natur. Når området blir fullt utbygd vil ein også kunne forvente meir avrenning av overvatn frå området enn i dag fordi område med vegetasjon som i dag tar opp vatn blir fjerna. I dei statlege planretningslinjene for klima- og energiplanlegging punkt 4.3 leggast det vekt på at ein ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal vurdere korleis omsynet til eit endra klima kan tas vare på. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysningar kor ein tar vare på økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing. I høve dei statlege planretningslinjene skal planar ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar, og forsvarleg handsaming av overvatn. I dei statlege retningslinjene vert det gitt føringar om at bevaring, restaurering og etablering av naturbaserte løysningar, til dømes eksisterande våtmarker, naturlege bekker, grønne tak og vegger, kunstige bekker og basseng, bør vurderast. Dersom ein veljar andre løysningar skal det grunngjevast kvifor naturbaserte løysningar er valt bort.Det kjem ikkje tydeleg frem i planen korleis massane er tenkt nytta, og me ynskjer å understreke viktigheita av at det blir lagt ein plan for massehandtering i forbindelse med reguleringsarbeidet..... Det er utarbeida ein regionalplan for massehandtering på Jæren som inneheld gode prinsipp og eit rikt kunnskapsgrunnlag for korleis massar bør handterast. Vindafjord er ikkje ei av kommunane som denne planen gjeld for, men kunnskapen i denne regionalplanen kan likevel nyttast for å finne gode løysningar.

Klima: Det må stillast krav til kunnskap kring temaet klima og klimagassutslepp. Me viser til Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, som seier at det i alle planar etter plan- og bygningslova skal gjerast greie for kunnskapsgrunnlag som blir lagt til grunn i planlegginga.

Føremålet med planretningslinja er å sikre at «kommunene, fylkeskommunene og staten skal gjennom planlegging og øvrig myndighets- og virksomhetsutøvelse stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslipp [...]».

Ut i frå denne planretningslinja, samt krav til at sakar som handsamast etter KU-forskrifta skal ha objektiv og tilstrekkeleg fagkunnskap, bør planen innehalde:

- Heilskapleg klimagassrekneskap med referansemodell for etablering av tiltaket
- Konkrete tiltak for å redusere klimagassutslepp innanfor planområdet
- Langsiktig plan for korleis planområdet skal oppnå klimanøytralitet innan 2050, i tråd med klimalova § 4, og i tråd med klimautvalet 2050 sine framtidsmodellar. Denne planen må innehalde konkrete moglege tiltak for å oppnå klimanøytralitet, vist i eit klimabudsjett med illustrerte utsleppsbanar.

Samfunnstryggleik: Jamfør plan- og bygningslova § 4-3 skal det ved utarbeiding av planar for utbygging gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)..... Analysen skal ta føre seg endring av risiko- og sårbarheitsforhold som følgje av utbygging, konsekvensar av framtidige klimaendringar i høve til tiltak i plan, og moglege konsekvensar av utbygginga utanfor planområdet m.m.

Prosess: Medverknad for kommunen sine innbyggjarar er viktig. Me synar her til kommunen sitt særlege ansvar for å sikra medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, blant anna born og unge jf. pbl. §

5-1. Me støtter forslagsstillar sitt ynskje om å melde saka opp til regionalt planforum. Dette er ei stor sak med nasjonal og regional betydning og mange omsyn som skal tas med i vurderinga.

Forslagsstillar sin kommentar:

Naturmangfald i sjø og på land: Området som blir undersøkt vil vere stort nok med tanke på kva type påverknad som ein forventar. Omfanget vil omfatte påverknad av influensområde, jfr kap. 8.3.1 i forslag til planprogram. Kartlegging skal gjennomførast etter handbok M-1941 av personar med fagkompetanse. Forslagsstillar er kjend med dei nye nasjonale forventningane ift. karbonrike areal. Kartlegging av området vil fortelje meir om dyre- og artsmangfaldet i områder som ikkje er utbygd innanfor planområdet.

Verknader for lokalsamfunnet: Temaet skal greiast ut jfr. Kap 8.3.4. Dei negative verknadene og sosial infrastruktur vil også bli omtala i utgreiinga. Folkehelse vil bli lagt inn som tema under "Verknader for lokalsamfunnet", og blir ein del av utgreiingsprogrammet.

Landskap: Landskapsopplevinga for lokalsamfunnet vil bli utgreia.

Ønska industriutvikling på området vil bli modellert og vurdert. 3-Dmodellen vil vise planert terreng og målestokkriktige modeller av konstruksjonar på området og i sjøen. Illustrasjonar vil vise denne modellen frå fleire ulike utsiktspunkt og gje eit godt bilete av visuell påverknad på landskapet. I tillegg vil ein utføre ei synlegheitsanalyse for å syne storleiken på areal, korleis konstruksjonar og terreng vil sjå ut frå område utanfor planområdet.

Det vert laga illustrasjonar som syner verknadar frå seks til åtte relevante stadar på land, samt to-tre oversikts-/flybilete. Stadane veljast slik at dei er relevante for ålmenta, basert på fotografi og bilete frå datamodellen. Konsekvensane skal greiast ut og omtalast i eige notat som blir innarbeidd i samla konsekvensutgreiing knytt til planskildringa. Under temaet landskap vil ein også vurdere skjermingstiltak.

Friluftsliv: Skjeljavika ligg omlag 580 m frå planområdet. Skjeljavika ligg skjerma i strandsona, og vil truleg ikkje bli direkte råka av planen. Det vil bli utarbeida ein illustrasjon som viser modellert industriutvikling sett frå Skjeljavika vil vere eit eige tema i planskildringa og bli vurdert der. . Friluftsområdet ligg omlag 600 m frå industriarealet inni ei vik, og er naturleg skjerma av landskapet rundt. Dersom planen skjemmer opplevinga til området, slik at det mistar dei kvalitetselementa det har, vil det bli vurdert avbøtande tiltak inkludert eventuelle erstatningslokalitetar. Båtfærdsle, fiske og rekreasjon er del av utgreiinga under temaet friluftsliv.

Støy: Støy skal greiast ut jfr. T-1442-2021, både for drifts- og anleggsperioden.

Sosial infrastruktur: Undersøkast under temaet verknader for lokalsamfunnet. Trong for skule- og barnehageplassar, bustadtomter og ledig kapasitet i dag skal greiast ut, dersom vurderingar konkluderer med tydeleg tilflytting til denne delen av kommunen.

Vassforskrifta: Avklaringar for alle vassførekomstar som blir råka, direkte eller indirekte blir handsama etter vassforskrifta og kunnskapsgrunnlaget vil innehalda naudsynte avklaringar. Kapittel 8.3.9 i planprogrammet og T1941 gir tilstrekkelege ramme for utgreiing av tema.

Forureining i sjø: Under utgreiinga av dette temaet vil det bli gjennomført prøvetaking av sediment for å vurdere i kva grad evt forureining vil påverke nye tiltak i sjø. Det vil bli føresegn i planen knytt til krav om søknad om løyve til tiltak i sjø jf. forureiningslova § 11, kor Statsforvaltaren er forureiningsmyndigheit. Ein slik søknad vil ikkje bli sendt før tiltaket er planavklart, men grunnlaget til søknaden vil ligge i konsekvensutgreiinga.

Forureining på land: Dersom ein finn forureina massar etter prøvetaking på land, vil ein utarbeida tiltaksplan for handtering av desse massane.

Avrenning: Ein vil gjera ei vurdering av forventta mengde partikkelavrenning i anleggstida, og vurdering av avbøtande tiltak for å forhindre negativ påverknad på det biologiske mangfaldet i fjorden. Dersom vassdrag på land vil bli råka, inngår dette og i vurderinga. Ein vurderer modellering av avrenningslinjer før teknisk plan, som slutningsgrunnlag for utforming av området, slik at dagens naturlege system i størst mogleg grad blir ivaretatt. I planområdet er det fleire nedbørsfelt i varierende storleik. Desse nedbørsfelta må undersøkast, og det må vurderast kva for ein overvassmodell ein skal nytta ut frå nedbørsfelta. Grunna endring i terrenget, må det sjåast på den eksisterande og den forventta framtidige vassmengda i området. Berekningane/modelleringa må følgje gjeldande normer og krava til kommunen. Det må utarbeidast ein rapport, føregåande teknisk plan, som skal beskrive den forventta auka vassmengda som kan komme som følgje av terrengendringane planen legg opp til. Her må det òg inngå kva tiltak for overvatn som skal etablerast. Naturbaserte løysingar skal vurderast og omtalast, slik at reinsing av overvatnet blir ivareteke. Naturbaserte løysingar for handsaming av overvatn vil bli skildra. Dersom det blir naudsynt med andre typar løysingar, vil ein grunngi kvifor desse er nytta framfor naturbaserte løysingar.

Massehandtering: Det vil bli utarbeida ein plan for massehandtering som vurderer bruk, omforming, mellomlagring og sal/utskipping. Fyste overslag viser eit stort overskott.

Klima: Det vil bli levert eit klimagassbudsjett (rekneskap er for ferdig anlegg), med tiltak for å redusere utslepp på kort sikt (knytta til materialval, gjennomføring av anlegg, arealbruk o.l.) og med tiltak for å redusere utslepp på lang sikt (langsiktig plan for klimanøytralitet).

Samfunnstryggleik: ROS-analysen vil ta føre seg alle kjende risiko- og sårbarheitsforhold av vesentleg betydning for å føreebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø, materielle verdiar, kritisk infrastruktur og viktige samfunnsfunksjonar.

Når det gjeld prosess syner me til medverknad som er gjennomført med mellom anna spørjeundersøking (open for alle), møte med Vikebygd Gredautval, ope informasjonsmøte i Vikebygd og "kontordagar" i Vikebygd og Ølen, der alle kunne møta kommune, konsulent og tiltakshavar. Ein vil ved innsending av plan for 1. gongshandsaming gå i dialog med Vindafjord kommune om moglegheita for å legge planen fram for ungdomsråd, eldreråd, og råd for personar med funksjonsnedsetting for uttale.

14. Egil og Olaug Sundve, datert 2023-12-12

".....Bakgrunnen er i tillegg at jeg er biolog/økolog og ser klart og vi ser tydelig at de planene som industrien ønsker å sette ut i live ikke er i tråd med nasjonale verneplaner for sjø, fisk, arts mangfold, myr, landskapsvern samt lage gode oppvekst vilkår for neste generasjon. Vi protesterer på det sterkeste at de planene som nå utredes i Vikebygd blir vedtatt. Det er et naturinngrep uten sidestykke på våre kanter og utgangspunktet for den gamle 40 årige reguleringsplanen har aldri vært tenkt å gjøre slike inngrep som nå planlegges. I tillegg ser jeg at politikere og utbyggere ikke tar hensyn til innvendinger fra statsforvalter og fylkeskommune. Det er rett og slett et maktogrep og viser manglende respekt for demokratiske prosesser. Vi henviser til merknader skrevet av May Britt og Kjetil Vikingstad datert den 07.12.2023. I deres merknad argumenteres det på en måte som setter utbyggingen i et perspektiv som vi støtter 100 prosent. Deres merknad er altså også vår merknad."

Forslagsstillar sin kommentar:

Naturmangfald på land og i sjø vil bli greia ut som inneber kartlegging av artar, områda, verneplanar etc. Faktiske forhold og moglege og påreknelege verknadar skal leggst fram og vil gå inn i slutningsgrunnlaget. Påverknad av landskap og opparbeiding av området vil greiast ut og det vil bli utarbeida illustrasjonar som

syner korleis området vil bli sjåande ut. Ein viser ellers til forslagsstillar sin kommentar til May Britt og Kjetil Vikingstad.

15. Mona Aksdal og Vidar Maurangsnes, datert 20203-12-12

“Protest mot planforslaget.....

....Planprogrammet må ha med utredning av konsekvenser for trivsel, bomiljø og stedsidentitet. Planforslaget må ta hensyn til stedets egenart og særpreg for å unngå tap av karakter og identitet (stedstap). Det bør utarbeides en stedsanalyse som grunnlag for vurdering av konsekvenser den omfattende utbyggingen vil få for identiteten til Vikebygd som sted og bygd. Planforslaget som viser opparbeidelse og sprenging av et enormt stort industriområde, samt risiko for 250 m høye vindturbiner i fjorden, vil påvirke trivsel, bomiljø og stedsidentitet.

Utbyggingen vil medføre store endringer i forhold til hvordan det er å bo og leve i Vikebygd i fremtiden, både for fastboende og hytteboere. Det må utredes om utbyggingen vil påvirke Vikebygd som et attraktivt bosted i fremtiden. Derav om det vil få konsekvenser for verdi på bolig og eiendom.

Planforslaget vil medføre store ulemper i forhold till støy, - luft, - og lysforurensning, både i anleggsperioden og driftsperioden. Støy bærer svært langt på fjorden og tiltaket vil gi stor risiko for støypåvirkning må utredes, og konsekvenser for støy må hensyntas i planforslaget. Daglig leder i Windafjord Port (Dommersnes AS) har uttalt at man skal teste vindmøllene i Ålfjorden. Vindmøller av disse dimensjonene er naturligvis ikke konstruert med hensyn på å begrense lydforurensning mot land. Det er derfor helt vesentlig at støypåvirkning også fra testkjøring av havvindmøller og konsekvenser av dette tas med i planforslaget. Planbestemmelsene må videre ha med forbud mot arbeid på kveld og natt, samt helgedager og helligdager.

Planprogrammet må ha med en utredning av helsekonsekvenser (Helsekonsekvensutredning HKU, Helsedirektoratet 2017). Dette er en plikt som er forankret i lov (folkehelseloven § 11), når det er grunn til å tro at inngrepet vil ha konsekvenser for lokalbefolkningens helse. Vi mener at det er stor grunn til å tro at endringene i natur og areal som fremkommer av planforslag, vil påvirke nærmiljøets kvaliteter på en negativ måte. Derav ytre miljøfaktorer som luftforurensing, støy, miljøgifter og kjemikalier. Dette vil kunne ha store konsekvenser for befolkningens helse og trivsel. Vi ber derfor om at dette må tas med i Planprogrammet.

Planprogrammet må også ha med en kartlegging av hvordan sprenging og uttak av de enorme massene med stein skal foregå. Dersom det skal etableres et lokalt pukkverk i anleggsperioden, må også dette konsekvensutredes iht. Helsekonsekvensutredning (HKU), med tanke på støy, støv og konsekvenser av frakt via sjøvei eller bilvei.....”

Forslagsstillar sin kommentar:

Planprogrammet som kommunen skal fastsette sørger for at bl.a. naturmangfald på land og i sjø vil bli greia ut i samsvar med regelverk/rettleiarar.

Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Windafjord Port vil ha ein eigen prosess knytt til eigedommar og bedrifter som ligg innafor planområdet.

Verknader for lokalsamfunnet skal greiast ut, påverknad av landskap skal illustrerast, her også verknad av installasjonar. Verknader frå lyd, lys og støv skal greiast ut og eventuelle avbøtande tiltak skal gjerast greie for. Når det gjeld stadsanalyse, sjå forslagstillar sin kommentar under uttale nr 8 1.May Britt og Kjell Vikingstad, datert 2023-12-07Målsetjinga er å gi ei ramme for industriutvikling, og dei forhold som ein stadsanalyse kan legge fram vil vera dekkja av tema i konsekvensutgreiinga. Dette gjeld også verknader på folkehelse som skal greiast ut.

16. Terje Framnes, datert 2023-12-12

“Hei! Jeg er skeptisk til, og ønsker å vite hvordan dette slår ut med tanke på støy. Dette, med erfaringer fra tidligere prosjekter som har vært gjennomført på Dommersnes. Jeg bor rett over fjorden, og lyd bærer særdeles effektivt over vann/sjø.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Støy vil bli greia ut etter handbok T-1442/2021. Eventuelle avbøtende tiltak vil bli omtalt i planføresegner.

17. Rogaland fylkeskommune v/ plan-, miljø-, og samfunnsavdelingen, datert 2023-12-13

“.....Plan...Myr - naturverdi og karbonlager: Det er registrert myr i planområdet. Fylkesdirektøren vil minne om viktigheten av myr både som leveområder for planter og dyr, men også som karbonlager. Ved utvidelse av næringsområdet bør det legges vekt på å beholde dette myrområdet intakt.

Massehåndtering: Planlagt tiltak vil medføre at det er store mengder masse som må håndteres. Det må lages en massehåndteringsplan i forbindelse med planarbeidet.

Samferdsel: Utbyggingen er tenkt å skje i tre faser, hvor tredje fase medfører behov for omlegging av fv. 4736, Vikevegen, på en om lag 3,2 km lang strekning. Det legges til grunn lokal medfinansiering, tredjepartsfinansiering osv. I gjennomføring av prosjektene, og det kan inngås avtaler om dette..... Vi påpekte også at kommunen vil få mulighet til å komme med innspill til handlingsprogrammet ved neste større rullering (i 2026), men vi viste samtidig til at det jevnt over er store behov på fylkesveinettet. og at det er vanskelig å nå opp i prioriteringene.....

....Fylkesdirektøren har følgende merknader til oppstartvarselet:

- Fylkesveien og eventuelt parallell g/s-veg må reguleres i tråd med gjeldende veinormaler (primær handbok N100).
- Kryss/avkjørsler langs fylkesveien må nøye vurderes og reguleres i tråd med gjeldende håndbøker.
- Frisikt må reguleres i tråd med krav. Innenfor frisiktsonene må det være fri sikt på 0,5 m over veibanenivå. Dette må sikres i reguleringsbestemmelsene.
- Det må reguleres annen veigrunn på min. 3 m langs fylkesveien. Hvor det reguleres g/s-veg kan annen veigrunn ha en minstebredde på 0,5 m. Skråningsareal må likevel inngå i annen veigrunn.
- Byggegrensen må settes til 30 m fra veimidte ny fylkesvei. Langs dagens fv. 4736 må byggegrensen settes til 15 m fra veimidte.
- Tekniske tegninger må sendes Rogaland fylkeskommune til gjennomsyn. Handbok R700 Tegningsgrunnlag må legges til grunn. Dette må sikres i bestemmelsene.
- Avklaring av eiendomsforhold må avklares i dialog med Rogaland fylkeskommune.
- Det må utarbeides en trafikkanalyse/mobilitetsplan som klart syner trafikkøkningen og konsekvenser utbyggingen vil få. Trafikksikkerheten må også vurderes.

I denne saken er det nødvendig med dialog med Rogaland fylkeskommune for avklaring av ny fylkesvei og veitekniske forhold.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Forslagsstillar er kjend med dei nye nasjonale forventningane om karbonrike areal. Kartlegging i området vil fortelje meir om dyre- og artsmangfaldet i områder som ikkje er utbygd innanfor planområdet. Det vil bli utarbeida ein massehandteringsplan for området. Når det gjeld veg og trafikk vil det bli utarbeida ein trafikkanalyse/mobilitetsplan der trafikkikkerheita også blir vurdert. Planarbeidet skal utgreie mogleg og ønska industriutvikling. Dersom det blir naudsynt å gjennomføre omlegging av eksisterande FV vil dette avklarast i dialog med kommunen og Rogaland fylkeskommune. Eige vedtak i handlingsprogrammet for samferdsel 2023-2030 kan sikre nødvendig revisjon av reguleringsplanen for omlegging av fylkesvegen og at den blir regulert samtidig med resten av området.

18. Statens vegvesen, datert 2023-12-13

“Vi viser til brev datert 07.11.2023 med varsel om oppstart av reguleringsarbeid for Dommersnes industriområde i Vindafjord kommune.

...Statens vegvesens innspill til planarbeidet..... Vi legger til grunn at virkningene planforslaget har for vegtransport- og trafikkikkerheten på fylkesvegen i en midlertidig- og permanent fase kommer tydelig fram av plandokumentene. Dette gjelder generelt:

- trafikkikkerhet og framkommelighet for ulike trafikantgrupper
- adkomstløsninger
- forventet trafikkmengde og kapasitet på vegnettet
- trafikkmønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- ivaretagelse av ovennevnte hensyn i anleggsperioden

Dersom det er planlagt fravik fra vegnormalene, legger vi til grunn at de framkommer av planbeskrivelsen, og at fravikssøknader avklares før planen legges opp til offentlig ettersyn. Vi forbeholder oss retten til å komme med ytterligere merknader når planforslaget foreligger.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Forslagsstillar tek innspelet til orientering og tek med momenta i det vidare planarbeidet. Ei eventuell omlegging av fv. 4736 vil skje i dialog med Rogaland Fylkeskommune.

19. Stavanger maritime museum, datert 2023-12-13

“Potensialvurdering..... Det er planlagt en utvidelse av eksisterende kai med utfylling i sjø i deler av område som allerede er avsatt til industriformål i gjeldene reguleringsplan. Detaljreguleringsplanen for Dommersnes industriområde ble vedtatt 30.10.1980. Ettersom den gjeldende reguleringsplanen er over 40 år gammel, er ikke hensynet til kulturminner i sjø vurdert av Stavanger maritime museum.Stavanger maritime museum kjenner ikke til kulturminner i sjø i det varslede området. Området er generelt vurdert til å ha potensiale for funn av hittil ukjente vernede skipsfunn og automatisk fredete kulturminner. Like nord for planområdet, på både østsiden og vestsiden av Ålfjorden, finnes spor fra flere forhistoriske perioder. I disse områdene er det blant annet registrert bosetningsspor fra steinalder, gravminner fra folkevandringstid og eldre jernalder. Det er også registrert flere løsfunn fra ulike forhistoriske perioder og en skålgropstein datert bronsealderjernalder.

Krav om registrering

Stavanger maritime museum kommer til å kreve å få gjennomført en arkeologisk registrering for å avklare forholdet til fredete kulturminner før vi kan gi vår uttalelse til planen. Kravet gjelder for hele det varslede sjøarealet. Kravet vil først kunne bli reist når planen kommer på offentlig ettersyn. Vi anbefaler forslagsstiller å få gjennomført registreringen på et tidlig tidspunkt slik at kulturminnehensynet kan ivaretas hensiktsmessig, og slik at planstiller får forutsigbarhet i planleggingen.

Hensiktsmessig plangrense

Det er viktig at tiltakshaver setter en hensiktsmessig plangrense i sjø med tanke på areal som behøves regulert. Kulturminnelovens undersøkelsesplikt gjelder alt sjøareal som ønskes regulert. Vi ber tiltakshaver om å sende oss planavgrensningen så snart den foreligger.”

Forslagsstiller sin kommentar:

Forslagsstiller/tiltakshaver tek kontakt med SMM for vidare avklaring rundt marine arkeologiske registreringar og fastsetting av planavgrensning for undersøkingane

20. Else Karin D Vestbø, datert 2023-12-14

“Merknader til forslag til planprogram for Windafjord Port, Dommersnes industriområde.....Eg er eigar av einebustad på 332/54 og tre hyttetomter 332/45, 332/81 og 332/82.

Innspel til planforslag:

- Som eigar av eigendomar tett innpå på begge sider av industriområdet, vil eg at ein utgreier kva verditap eg må sjå føre meg. Og kven som skal kompensere for dette tapet?
- Ein må og utgreie kva denne industriutbygginga vil ha for trivsel livskvalitet og identiteten til oss som bur her. Kva innverknad vil det har for oss som bur her, hyttefolk og turistar at ein får ein utsikt til 250 meter høge vindturbinar. Ein må og sjå på dei konsekvensane av den lysforureininga som kjem til å oppstå
- Dersom 500 dekar skal sprengjast vekk, må ein sjå på kva konsekvensar dette vil få med henblikk på støy- og støvproblematikk.
- På folkemøte på Vikebygd Bygdahus 27.11.23 vart det vist til Menon-rapporten som skisserer store ringverknader i forhold til auka innbyggjartal i Vikebygd. Ein må seie noko om kvar desse skal bu, og kva område ein eventuelt ser føre seg at ein skal byggje nye hus. Det kjem frå statleg hald stadig føringar om at ein skal verne LNF-områder, mykje av områda ein kan tenkje seg skal kunne nyttast til bustadbygging er i dag LNF-område.
- I fase 3 er område som er tenkt utbygd for det meste myr, dette må ein sjå i forhold til Miljødirektorates nylege forslag om å stanse all nedbygging av myr.
- Ein må og sjå på konsekvensane for dyr- og fiske liv i planområdet.
- Eg vil hevde at det er gjort ein sakshandsamingsfeil då det er hytte eigendomar som ikkje har fått uttalerett. t.d. 332/85 og 332/91.”

Forslagsstiller sin kommentar:

Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Windafjord Port vil ha ein eigen prosess knytt til eigendomar og bedrifter som ligg innafor planområdet.

Verknader for lokalsamfunnet skal greiast ut, påverknad av landskap skal illustrerast, herunder også verknad av installasjonar. Verknader frå lyd, lys og støv skal greiast ut og eventuelle avbøtande tiltak skal gjerast greie for. Naturmangfald på land og i sjø vil bli greia ut som inneber kartlegging av artar, områda, verneplanar etc. Det er berre eigedommar som er vurdert som direkte berørt av planen som er varsla direkte. Men eit breiare publikum er gitt høve til å komma med innspel via varsling i avis, via Vindafjord kommune eller Norconsult Norge As sine nettstader.

21. Direktoratet for mineralforvaltning, datert 2023-12-15

“Planområdet omfattar pukkressursen Osnes av lokal betydning.....

....Konsekvensutgreiing

Planen er vurdert til å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter vedlegg I av forskrift om konsekvensutredninger. DMF legg til grunn at verknadene av masseuttak og behovet for uttak skal utgreiast. Pukkførekomsten Osnes1 med lokal betydning er registrert innanfor planområdet. Denne er ikkje nemnt i planprogrammet. DMF tilrår at det blir gjort ei vurdering av korleis planen vil påverke førekomsten. Det inneber å vurdere om heile eller deler av førekomsten blir bygd ned og moglegheita for å ta ut resten av ressursane, og om ressursane kan nyttast i utbygginga. Massar med god kvalitet bør vurderast om kan få ei føremålstenleg bruk før ei eventuell utfylling i sjø. Førekomstar for uttak av byggeråstoff frå fast fjell vi ofte vere større enn arealet avsett i kart. I dette tilhøve er det tydeleg at førekomstområdet er tilknytt eit eksisterande anlegg som er tatt i bruk til andre føremål enn masseuttak. Det utelukker ikkje at det kan vere ressursar eigna for utnytting også utanfor førekomstarealet.....

Generelle råd til regulering av masseuttak

Uttak av mineralressursar utgjer i mange tilfelle omfattande inngrep.....Vår generelle anbefaling er at områder kor det skal drives uttak blir regulert til arealføremålet råstoffutvinning. DMF forventar at plandokumenta beskriv dei mineralske ressursane som skal tas ut og at det gjerest ein vurdering av om ressursane har kvalitetar som gjer dei egna til den aktuelle bruken av massane. Arealet der uttak skal tillatast bør bli utforma på ein måte som sikrar både at ressursane kan nyttast i medhald av geologien i området. Og samtidig legge til rette for ein hensiktsmessig og forsvarleg drift. Plandokumenta bør også innehalde informasjon om geologiske strukturar som oppsprekkingsgrad (sprekkes strøk/fall ut frå korleis det er planlagt å drive ut førekomsten) og eventuelle diskontinuitetar (sprekksonar) i bergarten, viss det blir vurdert som relevant for utforminga av uttaksområdet i planen. Plandokumenta bør gjere greie for at ressursgrunnlaget til uttaket er til stades. Det inneber ein utgreiing av estimert uttaksvolum og antatt årleg uttak for å estimere levetid, ressursens kvalitet og kvalitetsvariasjonar, samt bruksområde og marknad på kort og lang sikt.

Generelt om forholdet mellom minerallova og plan- og bygningslova

Drift, sikring og avslutting av masseuttak blir regulert av minerallova med forskrifter og gjennom eventuelle vilkår satt av DMF. Driftsplan for masseuttaket skal godkjennast av DMF i forbindelse med tildeling av driftskonsesjon.Arealavklaringa for masseuttaket skal fastsettast gjennom reguleringsplanen, og gjennom reguleringsføresegner kan det blant annet settast ytre grenser for uttaket, tidsavgrensing og etterbruk. Formålet med reguleringsføresegna bør gå klart frem av planbeskrivinga. Vi oppfordrar til at reguleringsplanen ikkje legg føringar for sjølvle drifta av uttaket. Årsaka er at ein eventuell endring i drifta kan føre til avvik mellom reguleringsplan og driftsplan, som kan innebere ein ny behandling etter plan- og bygningslova. Eit masseuttak har ofte eit livsløp som går over fleire tiår. Ein driftsplan er eit dynamisk verktøy for tiltakshavar, og skal kunne endrast i takt med laupande bergfaglege vurderingar og andre driftsrelaterte

forhold. Vesentlege endringar av driftsplanen skal godkjennast av DMF. Se gjerne temarettleiaren om uttak av mineralske førekomstar og planlegging etter plan- og bygningsloven.

Melde- og konsesjonsplikt etter minerallova

For samla uttak over 500 m³ masse gjeld meldeplikt til DMF, jf. mineralloven § 42. Melding skal sendes inn minst 30 dagar før oppstart av drift, og DMF kan krevje at det skal utarbeidast driftsplan for uttaket. Samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse krevjar konsesjon før drift kan starte, jf. minerallova § 43. Søknad skal sendast til DMF og blir deretter sendt på høyring til aktuelle partar og lokale og regionale myndigheiter, før konsesjon eventuelt blir gitt.....

.....Sikring, skjerming og etterbruk

Masseuttak med bratte skrentar kan utgjere ei fare for omgjevnadene.....DMF anbefaler at det blir utarbeid føresegn som krev at uttaksområdet alltid er forsvarleg sikra..... Vegetasjonsskjermen kan bidra til å redusere påverknad frå støv og støv, og i tillegg ha ein estetisk funksjon.

Vi rår til at skjermingstiltak ikkje blir lagt på, men ved sidan av uttaksområdet, fordi det ikkje skal skje uttak i område som er regulert til skjermingstiltak.....

DMF anbefaler til at etterbruk av uttaksområdet blir regulert gjennom føresegn til arealformålet råstoffutvinning på følgande, eller tilsvarende måte: «Etter avslutta uttak og opprydding skal arealet settast i stand til arealbruken næring». Korleis avslutninga av uttaksområdet skal gå føre seg og kva for arealføremål uttak skal settast i stand til gir god kopling til DMF sin behandling av søknad om driftskonsesjon.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Pukkførekomsten Osnes blir omtala i planprogrammet og det vil bli gjort ei vurdering av korleis planen vil påverke førekomsten. Plandokumenta vil skildre dei mineralske ressursane som skal takast ut, og det vil bli gjort ei vurdering av om ressursane har kvalitetar som gjer dei egna til den aktuelle bruken av massane. Verknadene av masseuttak og behovet for uttak skal greiast ut og det skal utarbeidast ein plan for massehandtering. Arealføremål, sikrings- og skjermingstiltak vil bli handsama og vurdert i det vidare arbeidet (plankart og føresegner) der hovudføremålet er eit industriområde med råstoff-utvinning som ein bi-effekt.

22. Edvin Aarak og Iselin Løvhaug Tveiten, datert 2023-12-15

“.....Planprogrammet må ha med utredning av konsekvenser for trivsel, bomiljø og stedsidentitet. Planforslaget må ta hensyn till stedets egenart og særpreg for å unngå tap av karakter og identitet (stedstep). Det bør utarbeides en stedsanalyse som grunnlag for vurdering av konsekvenser den omfattende utbyggingen vil få for identiteten til Vikebygd som sted og bygd. Planforslaget som viser opparbeidelse og sprenging av et enormt stort industriområde samt 250 m høye vindturbiner i fjorden, vil påvirke trivsel, bomiljø og stedsidentitet.

..... Det må utredes om utbyggingen vil påvirke Vikebygd som et attraktivt bosted i fremtiden.

..... Ved utredningen bør det legges særlig vekt på å gjennomføre intervjuer av familier som har flyttet til Vikebygd. Videre bør man i vurderingen omkring tilflytting som følge av prosjektet særlig legge vekt på å gjennomføre en retrospektiv analyse..... Ved slik retrospektiv analyse bør det undersøkes hvorvidt tidligere prosjekter, slik som Peconor, medførte tilflytting av betydning..... Det må også utredes hvilke konsekvenser utbyggingen får for utvikling av turisme og annen næring som er knyttet til landskap- og naturopplevelse samt friluftsliv. Friluftsliv er en viktig del av livet i Vikebygd og bygda har tilgang til flotte turområder i fjellet samt til Ålfjorden. Viktige friluftsområder må kartlegges innenfor planområdets influensområde, samt

vurdere hvordan tiltaket vil påvirke friluftsområdenes attraktivitet. Konsekvenser for friluftsliv på sjø og på land må hensyntas i planforslag. Fiske er en viktig del av friluftslivet i Vikebygd, og innenfor riggområdet er det flere fiskeplasser som vil påvirkes av tiltaket.Det må utarbeides nye illustrasjoner som viser riktig omfang og konsekvens av tiltaket vist på nært hold fra sett fra Ålfjorden, Børkjenes og Vikebygd. I tillegg må det utarbeides illustrasjoner som viser tiltaket sett på avstand fra Trodlandibbå, Sætrafjellet, Alnefjellet og fra Sveio kommune. Illustrasjonene må vise riktig omfang og opparbeidelse av industri- og riggområde, riktig omfang og høyde på fjellskjæringer, samt riktig størrelse på vindturbiner i 250 m høyde. Planforslaget vil medføre store ulemper i forhold til støy, - luft, - og lysforurensning, både i anleggsperioden og driftsperioden. Støypåvirkning må utredes, og konsekvenser for støy må hensyntas i planforslaget.Det er derfor helt vesentlig at støypåvirkning også fra testkjøring av havvindmøller og konsekvenser av dette tas med i planforslaget. Planbestemmelsene må videre ha med forbud mot arbeid på kveld og natt, samt helgedager og helligdager. Luft- og lysforurensning må også utredes og hensyntas i planforslag, spesielt lyspåvirkning nattestid. Med den mengde steinmasser som er planlagt tatt ut, så er det påregnelig at det vil etableres et lokalt pukkverk. Et pukkverk vil etter vårt syn føre til en ekstrem belastning for bygdas innbyggere i form av store mengder støv og støy. En utredning av støv og støyforurensning må derfor også inkludere et scenario hvor det opprettes lokalt (ev. midlertidig) pukkverk. Da dette vil være regelen heller enn unntaket ved uttak av så store masser kan vi ikke se at man kan la være å utrede et slikt scenario.

Vi mener videre at kommunen ikke kan la være å gjennomføre en såkalt helsekonsekvensutredning, og oppfordrer på det sterkeste til gjennomføring av en slik utredning.....

Hensyn til overordnede planer

.....Planforslaget vil være i strid med kommuneplanen i forhold til verdivalg som trivsel, levende bygder og attraktive boligmiljø. På folkemøtet i Vikebygd ble det uttalt at det ikke er inngått noen avtale om aktivitetene som planprogrammet forutsetter gjennomført på Dommersnes..... Mange internasjonale havvindprosjekter har stoppet opp. Her kan det blant annet vise til de beslutningene som for eksempel Ørsted har tatt den siste tiden. Når det hefter en slik usikkerhet synes det å være lite forsvarlig å komme till en investeringsbeslutning på Dommersnes. Kommunen vil i så tilfelle ta en betydelig risiko med innbyggerne sine penger.

Regionalplan for grønn industri sitt mål er å legge til rette for verdiskaping og arbeidsplasser innen grønn industri, og vil avgrense arealbruken ved gjenbruk av allerede brukte areal. Innenfor eksisterende industriområde på Dommersnes er kun en mindre del av området utbygd, og det er gjort relativt små inngrep i landskapet. En kan dermed ikke forsvare eller argumentere for at en avgrenser arealbruken ved gjenbruk av allerede brukte areal, dersom kun en liten del av det planlagte industriområde på totalt 1100 daa er gjenbruk av allerede brukt areal.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Merknaden er i stor grad identisk med den frå May Britt og Kjetil Vikingstad og kommentaren er derfor også ganske lik. Verknader for lokalsamfunnet skal greiast ut, påverknad av landskap skal illustrerast, herunder også verknad av installasjonar og skjeringar. Verknader frå lyd, lys og støv skal greiast ut og eventuelle avbøtande tiltak skal gjerast greie for. Det er ikkje planlagt gjennomført stadsanalyse i planarbeidet.

Når det gjeld stadsanalyse, sjå forslagstillar sin kommentar under uttale nr 8 1.May Britt og Kjell Vikingstad, datert 2023-12-07

Verknader for folkehelse skal greiast ut under temaet “Verknader for lokalsamfunnet”. Naturmangfald på land og i sjø vil bli greia ut, det same gjeld for friluftsliv og korleis fiske, friluftsliv og rekreasjon blir påverka av planen.

23. HIM, datert 2023-12-15

Det vises til varsel av 06.11.2023 for den nevnte plan. HIM forutsetter at forhold i vedlagte dokumenter legges til grunn i videre planarbeid.

Bygg med boenheter inni planområdet og som er underlagt tvungent renovasjon og slam gebyr, må tas hensyn til slik at planen ikke forringer det tjenestetilbudet HIM gir i dag. HIM ser helst at det lages en ny plan for avfallshåndtering til husholdnings kunder. Minske kjøring av renovasjonsbiler inni planområdet ved å sentralisere avfallshåndteringen til felles arealer. Etablering av moderne høykapasitetsløsninger med digital adgangskontroll vil kunne gi god miljøgevinst ved at omliggende hyttefelt kan innlemmes.

Næringsvirksomhet står fritt til å velge leverandør av renoveringstjenester. HIM oppfordrer allikevel å legge forholdene til rette for en god avfallshåndtering. HIM stiller seg til disposisjon dersom det er behov for avklaringer.

Forslagsstillar sin kommentar:

Dersom planen blir vedteken og alle tiltak blir gjennomført, vil det ikkje vera bueiningar innanfor planområdet. Avfallshandtering og renovasjon vil bli ivareteke gjennom planføresegner.

24. Hans Olaf Aakre Myhrvang og Katharina S Ueland, datert 2023-12-17

“Jeg og min samboer, Katharina Sivertsen Ueland, er eiere av Vikevegen 1030. Jeg protesterer på det sterkeste mot planprogrammet. En eventuell utvidelse av industriområdet vil føre til irreversible negative endringer av natur, både på land og til havs, og Vikebygd vil miste sin identitet som «Perla i Ålfjorden». Jeg stiller meg bak innsendte merknader fra «Bevar Ålfjordens perle!» (sendt Norconsult på epost 17.12.2023), hvor jeg er en av initiativtakerne. Det er på generelt grunnlag viktig at det utredes hvilke konsekvenser en utvidelse av eksisterende industriområde på Dommernes vil bety, både for natur, samfunn og folkehelse. Og da ikke bare de positive konsekvensene, men også de negative. Det er også viktig at en konsekvensutredelse fremstår objektiv og ikke som et bestillingsverk....Forslaget til planprogram nevner grunneiere på skissert industriområde, men ikke oss nære naboer. Det virker som det legges opp til at det skal være mulig å bo så tett på skissert industriområde, både i byggefasen og i driftsfasen. Om det er mulig må utredes i detalj. Det bør vurderes å flytte grensene for det skisserte industriområdet slik at vår eiendom inkluderes i industriområdet. Dette for å sikre at vi kjøpes ut før oppstart.

Byggefasen

Skal man sprengne hele det skisserte industriområdet ned til kainivå tilsvarer det 50 millioner tonn stein, som i tillegg til sprengning skal knuses og transporteres bort. Europas største pukkverk, Norsk Stein på Jelsa, har maks årlig produksjonskapasitet på 12 millioner tonn stein.

50 millioner tonn stein tilsvarer over 4 år full produksjon på Jelsa. Kort oppsummert er det meget urealistisk at det vil være mulig å bo tett på en slik operasjon. Det må utredes hvilke konsekvenser en slik operasjon vil få for nære naboer:

- Faren for strukturelle skader på bygg og eiendom som følge av sprengning må utredes.
- Faren for at vann- og strømforsyning berøres negativt av sprengning må utredes.
- Faren for at støygrensene ikke overholdes som følge av sprengning, knusing og transport må utredes.

- Faren for skadelig støv fra sprengning, knusing og transport må utredes. Da spesielt med tanke på om det finnes kvarts i området som skal sprenges og knuses. Studier har vist at støv fra kvarts, som er et fint luftbårent støv, kan føre til lungekreft og andre alvorlige luftveissykdommer ved eksponering.
- Faren for nedsatt helse som følge av støy fra sprengning, knusing og transport må utredes, da med tanke på at det signaliseres støyende arbeid og transport utover det som anses som normalt, kanskje til og med på nattestid.
- Det må på plass prosedyrer for hva naboer kan gjøre dersom det oppstår problemer i byggefasen. Og hvordan naboer erstattes for tap på eiendom, hus og livskvalitet som følge av arbeidet i byggefasen.
- Det bør vurderes utkjøp av nære naboer før oppstart av byggefasen.

Driftsfasen

Forslag til planprogram er noe tvetydig når det kommer til tiltenkt bruk av det skisserte industriområdet i en eventuell driftsfase. Men det arbeides med å finne interessenter som skal bruke området til montasje/produksjon av offshore vindkraftanlegg, selv om andre muligheter også blir nevnt. Montasje/produksjon av offshore vindkraftanlegg på døgndrift fremstår likevel som den mest sannsynlige bruken av et ferdig utbygget industriområde på Dommersnes og dermed det som bør ligge til grunn for en konsekvensutredning. Det må utredes hvilke konsekvenser en slik drift vil få for nære naboer:

- Faren for at støygrensene ikke overholdes som følge av driften må utredes.
 - Faren for støv fra driften må utredes.
 - Faren for lysforurensing fra driften må utredes.
 - Faren for nedsatt helse som følge av driften må utredes, da med tanke på at det sannsynligvis vil bli døgndrift, noe som betyr arbeid og transport utover det som anses som normalt, kanskje til og med på nattestid.
 - Det må på plass prosedyrer for hva naboer kan gjøre dersom det oppstår problemer og avvik i driftsfasen.
- Og hvordan naboer erstattes for tap på eiendom, hus og livskvalitet som følge av driften.
- Det bør vurderes utkjøp av nære naboer før man i det hele tatt kommer til en driftsfase.

Forslagsstillar sin kommentar:

Det er mange forhold som blir kommenterte, og det er korrekt at mykje er uklart i startfasen av planarbeidet. Planprogrammet skal etter fastsetting følgjast som eit "minimum" og ei oppskrift. For ei rekkje problemstillingar er det eit tydeleg lov- og regelverk som skal følgjast for slike og liknande saker, utan at dette blir konkret utgreidd, til dømes prosedyrar og dei ansvarlege for brot på reglar og løyver Tiltakshavar/driftsansvarleg og entreprenør må utarbeide rutinar før driftsfasen startar. Strukturelle skadar på eigedom vil bli tatt omsyn til når ein skal i gang med sjølvne tiltaket. Risiko- og sårbarheitsanalysen vil ta føre seg korleis planen vil påverke infrastruktur, bygningar mm. Støy vil bli greia ut, jfr kap. 8.3.10 i planprogrammet. Lysforureining skal greiast ut jfr. Kap 8.3.7 i planprogrammet. Folkehelse vil bli greia ut under temaet "Verknader for lokalsamfunnet", eventuelt som eige tema kor også støv vi bli omtala. Ein må også ta stilling til støv for t.d massehandtering og avrenning.

Eventuell innløyising av eigedommar vil ein ikkje ta stilling til i sjølvne planarbeidet. Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Windafjord Port vil ha ein eigen prosess knytt til eigedommar og bedrifter som ligg innafor planområdet.

25. Kåre Sørvåg og Ingrid Mathilde Sørvåg, datert 2023-12-17

“..... Oppsummering

Me protesterer på planforslaget og forslag til planprogram på bakgrunn av omsyn til naturmangfald i sjø og på land, omsyn til friluftsliv, omsyn til landskap samt omsyn til stadidentitet, bumiljø og trivsel. Ei omfattande utviding og opparbeiding av industriområdet på Dommersnes samt 250 m høge vindturbinar plasserte i Ålfjorden, vil forringa landskapsverdien i eit vakkert fjordlandskap med ei attraktiv og levande bygd. Planforslaget vil gje vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald, friluftsliv og landskap, samt gi store ulemper i forhold til støy, - luft, - og lysforureining. Dette vil vera noko som er irreversibelt, og som det ikkje vil vera lett å bøta på.

..... Me vil på det sterkaste protestera på planforslaget som legg til rette for ei utbygging som vil endra vårt Vikebygd for oss, og dei som kjem etter oss, i all framtid.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Det er lagt opp til konsekvensutgreiing og kartlegging av naturmangfald på land og i sjø samt ei rekke andre tema.

Ønska industriutvikling på området vil bli modellert og vurdert. 3-Dmodellen vil vise planert terreng og målestokkriktige modeller av konstruksjoner på området og i sjøen. Landskapsverknad skal greiast ut, og ein skal lage illustrasjonar av bygg, anlegg og installasjonar sett frå ulike retningar i bygda. Illustrasjonar vil vise denne modellen frå fleire ulike utsiktspunkt og gje eit godt bilete av visuell påverknad på landskapet. I tillegg vil ein utføre ei synlegheitsanalyse for å syne storleiken på areal, korleis konstruksjonar og terreng vil sjå ut frå område utanfor planområdet.

Det vert laga illustrasjonar som syner verknadar frå seks til åtte relevante stadar på land, samt to-tre oversikts-/flybilete. Stadane veljast slik at dei er relevante for ålmenta, basert på fotografi og bilete frå datamodellen. Konsekvensane skal greiast ut og omtalast i eige notat som blir innarbeidd i samla konsekvensutgreiing knytt til planskildringa. Ein skal også greie ut kva konsekvensar reguleringsplanen vil medføre med tanke på støy-, lys og luftforureining, samt evt forureining i samband med avrenning frå uttak av massar. Dette er grunnlag for planforslaget og en beslutningsprosess med nye høyringar. Generelle protestar blir ikkje nærmare vurdert nå.

26. Jahn Anfin Tonjer, datert 2023-12-17

“Mine to eiendommer ligger delvis innenfor og i randsonen til foreslått regulert område. Forslaget om regulering er ikke forankret hos oss som grunneiere og i strid med vår bruk og intensjoner med eiendommene. Forslag til regulert område er heller ikke i samsvar med gjeldende arealdel i kommuneplanen. Så sent som i 2016 ble fritidseiendommene i Bronnavik bl.a. vår gnr/bnr 332/21 avsatt til LNF i kommunens arealplan.Det er åpenbart at konsekvensene for berørte eiendommer blir store ved en de facto utbygging av området. Men hvilken belastning for berørte grunneiere og samfunnsmessige konsekvenser for hele søndre Vikebygd-samfunnet vil en vedtatt reguleringsplan ha hvis den faktiske utbyggingen uteblir eller skjøvet på i tid? Et slikt null-alternativ er høyst realistisk. En limbo-situasjon for halve Vikebygd vil fort fortrenge en ellers naturlig positiv dynamisk utvikling for eksempel innenfor hytteturisme, etablering av småindustri og bygdas omdømme generelt. Ikke bare kan videre utvikling stagnere, men eksisterende beboere, hytteturister og grunneiere kan lett nedprioritere Vikebygd Dommersnes med bakgrunn i stor usikkerhet om fremtiden. Fokuset kan lett vende seg mot andre lokasjoner, da forutsigbarheten rundt hva som vil skje -eller om noe vil skje- på Dommersnes ikke lenger er til stede. Dette

har jeg selv erfaring med de siste 40 årene, med flere mer eller mindre realistiske prosjekter og planer for industriområdet på Dommersnes.

En utredning av null-alternativet må derfor omfatte to scenarier; Null-alternativ-A; -planprosessen termineres, arbeidet med Windafjord Port skrinlegges Null-alternativ-B; -planprosessen gjennomføres og ny reguleringsplan vedtas, men erverv av eiendommer og selve utbyggingen og tiltakene på området uteblir eller utsettes på ubestemt tid."

Forslagsstillar sin kommentar:

Konsekvensar for naboar,grunneigarar og bygda vil bli greia ut under temaet "Verknader for lokalsamfunnet". Ein vedteken reguleringsplan betyr ikkje at det kjem til å bli utvikling eller berre ein konkret utvikling. Som Tonjer er inne på, kan det bli ventetid og endringar. Men føresetnadane og målsetningane er at utgreiingane og planforslaget gir "robuste" avklaringar og ein "langsiktig plan". Det skal gjerast naudsynte vurderingar og utgreiingar for å kunne ta i bruk areala til det føremålet ein har regulert til. Ein tek utgangspunkt i at dagens situasjon er null-alternativet, dette fordi dagens situasjon er det mest realistiske nullalternativet. Samstundes skal planforslaget avklare eit hovudalternativ gjennom konsekvensutgreiing. Denne metoden er forankra i statleg rettleiar og dei to nullalternativa som er skildra ovanom gjev ikkje relevant kunnskap for beslutningsprosessen.

27. Jon Terje Aksland og Birte Susanne B. Kvam, datert 2023-12-17

"..... Vi er negative til at deler av eiendommen blir regulert til industriformål. Dette er en fritidseiendom med stor betydning for oss som eiere og vår familie. Det er i senere tid gjort betydelige investeringer i eiendommen i vedlikehold og oppgraderinger. Eiendommen er sentral i den såkalte Fase 2, da vi har ca. 100 meter sjølinje og ca. 12 mål areal.....

... Ønsket formål er i strid med overordnet plan. Det vises til at gbnr. 332/8 er avsatt til LNFR, (Landbruk-, natur- og friluftsmål), i kommuneplanens arealdel (2017-2029)....Vi er negative til at så store LNF-areal på land og sjøareal skal avsettes til industri. Det legges opp til store inngrep i verdifulle naturområder. Gjennomføringen av industriformålet vil ha negative virkninger for influensområdet. Fjernvirkningene vil bli store, og forringe opplevelse og bruk av så vel private eiendommer som offentlige Områder. Vi setter spørsmål til hvordan kommuneplanen for 2017-2029, kan tilsesettes i denne prosessen..... I planarbeidet/utkastet fra Norconsult, er ikke LNF-området på vår eiendom nevnt i det hele tatt. Ref. tegninger i såkalt "fase 2", er nevnte LNF-område en vesentlig del av strandlinjen og areal

..Vi er negative til trinnvis utvikling av området. Fase 1 og Fase 2 må sees under ett, da dette er en forutsetning for i det hele tatt å få havvind-prosjekter til Dommersnes. Vi blir sterkt berørt av Fase 1 i forhold til sprenging, steinkusing, støy og støv, og eiendommen vil i verste fall ikke kunne brukes som fritidsbolig i utbyggingen av Fase 1, (6 - 18 mnd ref. Windafjord Port). Vi mener derfor at evt. utløsning av eiendom må skje allerede i prosjektstart av Fase 1. Søknaden fra Windafjord Port for Fase 1 må trekkes tilbake, og innlemmes sammen med Fase 2.....

... Klausul - Dersom havvind ikke blir realisert Det må spesifiseres hvilken type industri som er aktuell på området, dersom havvindprosjektene ikke blir realisert. I verste fall kan en se for seg oppbevaring av store installasjoner, evt. riving av store olje-installasjoner. Det må derfor bygges inn en spesifikk klausul mot dette i reguleringsplanen.

Dersom havvind-prosjektene ikke blir realisert, blir da vår eiendom reversert tilbake til LNF? Skal kommuneplanen for 2017-2029 også revideres, slik at den er i samsvar med reguleringsplanen? Vi forventer et svar på disse 2 spørsmålene, da det påvirker oss ved fremtidige søknader og planer for området.

Forslagsstillar sin kommentar:

Naturmangfald på land og i sjø skal greiast ut, og ein skal kartlegge både artar og naturtypar. Ein skal konsekvensutgreia kva planforslaget vil føre til av negative verknadar for friluftsliv, samt fjernverknader. Det er ikkje lagt opp til klausulering i reguleringsplanen, men ein kan styra bruken av areala gjennom føresegner, plankart og rekkefølgjekrav og på denne måten sikra kva type næring eller industri som skal vera på Dommersnes. Dersom reguleringsplanen vert godkjend, vil arealformålet vera rettskraftig fram til det kjem ein ny plan som blir gitt ~~gje~~ prioritett over reguleringsplanen og som kan gje nye føringar eller andre føremål. Sjå elles kap. 5.2 i planprogrammet som omtalar forholdet mellom eldre reguleringsplanar og andre planer.

28. Magne Vik, datert 2023-12-17

“ Bakgrunn planarbeid

Avsnitt 2.1 «Området er tenkt nytta som eit større nærings- og hamneområde til sjø og primært for samanstilling av havvindkonstruksjonar»

Avsnitt 2.3 «Området skal og utgreiast for mogeleg sambruk med andre næringar og eventuell alternativ bruk av industriareala. I dette arbeidet skal sirkulære løysingar med tanke på energi, produktinnsats og innovasjon verte tema»

Kommentar:

Dersom området skal nyttast til annan virksomhet som lagring av konstruksjoner, marine installasjoner fra offshore og maritim virksomhet må dette beskrives og utredes i samme program og med samme detaljeringsgrad.

Opplagsområde for fartøyer og flytande konstruksjon må også utradast. Dersom det ikkje vert utreda i same grad kan heller ikkje reguleringsplanen gjelda for slike tilfelle.

Planområdet

Kommentar:

Planområdet i sjø inneheld sedimenter på sjøbunn og strandsone i Brunnavik. Ved tiltak vil det ha virkning som må godkjennast av Statsforvaltaren. Har sjølv søkt om tiltak og fått avslag med grunngjeving om varig tap av biotop, skade ålegras og nærleik til gyteområder og bruk av spengstein i sjø.

Utgreiingar og utarbeiding av planforslag:

Kommentarer:

Tema	Utfordring
------	------------

Utbyggingsfase 2 og 3	Støy, vibrasjon, støv Tiltak kan være: Sesongbasert begrensning . Klare og målbare krav Oppfølging byggeplass
Båttrafikk ved kai og mobilisering	Krav til landstraum på fartøyer
Lagring av marine konstruksjoner	Handtering av marin begroing ved kai og på land Lukt frå biomasse TBT frå bunnstoff maling . Kontroll avrenning Dreneringsystem frå landområde med sedimentering, oppsamling og prøvetaking
Høge konstruksjoner i monteringsfase vindmøller	Signal mobiltelefon, TV og mobilt breiband Erfaringar fra vindmøller på land
Visuelt fra sjø og områder i Sveio kommune	Høge skjeringar i terrenget. Store flater utan vegetasjon. Oppdeling av loddrette flater med terrasser
Verdiskaping lokalsamfunn	Langtidslagring av konstruksjoner gir liten eller ingen verdiskaping for lokalsamfunn. Sette krav til omsetting/gjennomløpstid på arealer. Maks tid for lagring
Avgrensing i sjø ved annan verksemd enn montering av vindmøller	Fritidsbåter på Ålfjorden Tilkomst til marina og Plassabakeriet i Vikebygd Store avstandskrav må knytast til pågåande verksemd og ikkje vere generell

Forslagsstillar sin kommentar:

Merknaden inneheld mange elementer som er viktig å vurdere og handtere i dei forskjellige fasane av prosjektet: utgreiing, utbygging og drift. Planprogrammet har som føremål å definere utgreiing. I denne fasen (frå utgreiing til planforslag) skal det takast prøvar av sediment i sjø, kartleggast naturmangfald i sjø og på land av fagkunnig. Støy skal greiast ut, og gjeldande retningslinjer for støy, T-1442/2021 vil leggst til grunn for utgreiinga med støysonkart etc. Landstraum skal vurderast som ein del av det vidare arbeidet med reguleringsplanen og det vil kunne settast som eit rekkefølgjekrav. Forureining til grunn og sjø vil bli greia ut jfr. Planprogrammet og steg 1 vil alltid vera å skaffe kunnskapsgrunnlag av dagens situasjon. Forureining skal unngåast og tiltak som kan skape forureining skal alltid søkast om separat, parallelt med, eller etter godkjenning av reguleringsplan. Landskapspåverknad av opparbeiding og installasjonar på land og i sjø skal greiast ut og visualiserast. Verknader for lokalsamfunnet skal greiast ut som også må innebere ein differensiert tilnærming for nærmiljø, kommune og region. Den tenkte drifta av et slikt område vil alltid krevje lagring av konstruksjonar som ein del av verksemda. . Avgrensing og omsynssoner vil vera del av det vidare planarbeidet.

29. MOTVIND Tysvær, datert 2023-12-17

"MOTVIND Tysvær har innspill og merknader til planprogram med konsekvensutredning.....

Planforslaget er veldig generelt utformet. Utover at det dekker til sammen ca 1000 daa på land og i sjø, og at det skal planeres ved å sprengte store mengder fjell er det lite informasjon å finne. Forskrift om konsekvensutredninger §19 sier: «Beskrivelsen av planen eller tiltaket skal omfatte:

- a. tiltakets fysiske egenskaper, lokaliseringen, nødvendige rivningsarbeider og arealbehovet i både bygge- og driftsfasen
- b. de viktigste trekkene ved tiltakets driftsfase, som tiltakets energibehov, energiforbruk, energiløsninger, transportbehov og som vil bli brukt
- c. et anslag over typen og mengden avfall, reststoffer, utslipp og forurensning som vil produseres i bygge- og driftsfasen
- d. hvor sårbar planen eller tiltaket er for klimaendringer og naturfarer som flom, skred, stormflo og stigning i havnivået.

.....I Miljødirektoratets Håndbok om konsekvensutredninger M-1941 er det også krav til av utredning av klimautslipp, og utslipp til luft og vann skal redegjøres for og kvantifiseres. Dette er umulig når det plan ikke beskrive hva som skal bygges og hvordan det skal drives. Vi mener derfor at planforslaget må trekkes tilbake og evt utgis på nytt når den relevante informasjon er tilgjengelig.

Fase 1 må inkluderes.....I henhold til til KU og EU retningslinjer/dommer er det ikke tillat med slike bit for bit utredninger (salami-slicing). Hele området må sees under ett. Da fase 1 ligger innen i fase 2 og 3 områdene, må utredningene omfattet alle 3 fasene. Søknaden fra WP for fase 1 må derfor trekkes tilbake og inkluderes i KU for fase 2 og 3.

Virkninger for lokalsamfunnet

Planprogrammet forutsetter at det vil bli en omfattende bygging av havvindturbiner på Dommersnes. På folkemøte kom det fram at det ikke er inngått noen avtaler om slike aktiviteter. Det er minst 10 havner/områder i SørNorge som har tilsvarende planer som Dommersnes, ref Menon rapport «Muligheter for Norske sammenstillings- og installasjonshavner innen havvind fram mot 2030».Siden Vindafjord kommune eier 50 % av Windafjord Port AS (Dommersnes AS), må en anta at kommunen også må betale 50% av utgiftene til planeringen og forberedelsene.....

Visualisering

Installasjon av havvindturbiner kan av sikkerhetsmessige og operative grunner bare skje i sommerhalvåret. Det kan derfor være behov for å «lagre» turbinene i Ålfjorden i en lengre periode. Visualiseringen må derfor inkludere turbiner i full størrelse (ca 300 m høyde) og feks med 10 stk turbiner.

Klimagassutslipp

Sprenging og fjerning av fjell vil gi store klimagassutslipp, det samme vil bygging og sammenstilling av vindturbinene. Omfanget og konsekvensene av dette må redegjøres for."

Forslagsstillar sin kommentar:

Planprogram må vera generelt utforma fordi ein ikkje har all kunnskap både om løysingar som skal utviklast som del av prosessen og konsekvensar. Planprosessen skal vera open i oppstartsfasen og mange

løysingar er ikkje avklart eller utgreidd. Dispensasjonssøknaden (fase 1) er ei eiga sak og vil ikkje bli handsama gjennom vurdering og fastsetting av planprogram. Planarbeidet er i startfasen, og vil bli meir konkret etterkvart som kartleggingar og utgreiingar er gjennomført. Visualisering av installasjonar vil omfatta turbinar i full storleik. Klimagassutslepp skal konsekvensutgreiast jfr. Kap 3.7 i handbok M-1941 og verknader for lokalsamfunnet skal greiast ut jfr. Planprogrammet.

30. Oppropet bevar Ålfjordens perle, datert 2023-12-17

Med henvisning til annonsert planarbeid ønsker undertegnede å komme med følgende merknader.

Hoved merknad:

- Planarbeidet må stanses som følge av klagen fra Statsforvalteren i Rogaland hvor Statsforvalteren ber om at fase 1 innlemmes i planarbeidet og detaljreguleringen for fase 2 og 3. Skal man gå videre med prosessen må det utarbeides nytt planprogram og nytt varsel om detaljregulering som inkluderer alle fasene.

Undermerknader:

- Det må utredes grundig og nøyaktig hva området skal brukes til og hvilken aktivitet som skal foregå på de ulike delene av området. Formålet er i dag alt for vagt beskrevet.
- Det må utredes grundig hvem som skal jobbe på Dommersnes, dvs. omfanget av dagpendling, fjernarbeidere/brakkeboere, fastboende i Vikebygd og omegn.
- Det må utredes hvor eventuelle brakkebyer skal ligge og hvor store skal de være.
- Da det for mange er av stor betydning å vite hvor mange nye fastboende prosjektet eventuelt vil medføre, må det utføres seriøse/faglig kompetente analyser på dette. Under folkemøtet på Vikebygd Bygdahus 27.11.23 ble det referert til Menon-rapporten som skisserer potensielle ringvirkninger av WWJ sin etablering i Suldal, hvor en ringvirkning kan være at «225-450 arbeidstakere ved WWJ vil bosette seg i Suldal». Det bør i lignende rapporter av kommende industri på Dommersnes legges vekt på ringvirkninger som påvirker Vikebygd som bygd, og ikke hele Vindafjord kommune.
- Når analysene konkluderer med hvor mange fastboende tilflyttere prosjektet medfører, må reguleringsarbeidet konkludere med hvor disse skal bo, hvilket areal som skal settes av til nye tomter/hus. Det må i den sammenheng bemerkes at dersom Trovågfeltet tenkes utvidet sørover og/eller nordover må det utredes hvor barna der skal gå på skole og i barnehage. I dag går Trovågfeltets barn i barnehage og på skole i Skjold i og med at de har søkt om, og fått innvilget, bruk av postnummer 5574 Skjold.
- All nødvendig infrastruktur som må bygges lokalt som følge av prosjektet må grundig belyses, samt hvilke arealer som skal settes av til dette.
- Det må utføres faglig kompetent biologisk og ornitologisk kartlegging av områdene for å avdekke eventuelle sjeldne vekster/arter/fugler som kan influere på planene.
- Miljødirektoratet har nylig foreslått å stanse all nedbygging av myr. Fase 3 består i stor grad av myr. Det må derfor utredes hvor mye myr som vil nedbygges av prosjektet, og det må argumenteres for hvordan det kan rettferdiggjøres med hensyn til nylig forslag fra Miljødirektoratet.
- Dersom 500 dekar skal sprenges f.eks. 40m ned til kainivå for hele området, betyr det sprenging, knusing og vekktransport av 20 millioner kubikkmeter stein tilsvarende 50 millioner tonn. Sammenlignet med Europas største pukkverk, Norsk Stein på Jelsa, så er maks årlig produksjonskapasitet der 12 millioner tonn stein, hvor det typisk lastes tre store båter daglig. 50 millioner tonn stein tilsvarer over 4 år full produksjon på Jelsa.

Realismen i dette på Dommersnes må utredes i detalj; hvordan det skal gjøres, tidsplan, hvilke tider på døgnet, hvordan/når på døgnet steinen skal knuses og hvordan og hvor knust stein skal fraktes. Det må også utredes hvilke konsekvenser det får for ansvarlig selskap dersom regler rundt støy- og støvproblematikk ikke overholdes.

- Det utvidede folkehelseperspektivet for Vikebygd og omegn må konsekvensutredes i detalj for et slikt gigantprosjekt plassert nesten midt i bygda. I en slik stor sak som denne kreves det en omfattende helsekonsekvensutredning fra kompetent faglig hold (medisinsk faglig mm). Det er åpenbare forhold som støy, støv, trafikk på land, trafikk på fjorden (med tilhørende lyd og eksosforurensning), lys- og lydforurensning, tap av rekreasjonsområder, visuell forurensning, osv., som må utredes grundig.
- Det må utredes hvilke verditap eiendommer berørt av industrien vil få, og hvordan ansvarlig selskap skal kompensere eierne for disse tapene.
- Gjennom reguleringsprosessen må det stilles krav om at planerte områder ikke skal nyttes til lagerplass for Westcon dersom havvindaktivitet ikke blir noe av eller minker i omfang, da slik bruk av området ikke er ønskelig for bygda Vikebygd.
- Da skolen i bygda i flere omganger har vært i fare for å bli lagt ned på grunn av lave elevtall, er det særdeles viktig for bygda å få en god/realistisk analyse på hvor mange som vil flytte til bygda som følge av prosjektet. I den sammenhengen er det viktig i analysen å få med seg historiske realiteter fra prosjekt som har vært på Dommersnes siden starten:
 - o Peconor, ekofisktankvegg prosjektet 1989/90: Oss bekjent kun én familie som flytta permanent til Vikebygd, ingen andre familier som flytta til andre steder i Vindafjord.
 - o Hywind-prosjektet rundt 2020/21: Oss bekjent ingen som flytta permanent til verken Vikebygd eller andre steder i Vindafjord.
 - o Annen småindustri som har vært/er på Dommersnes opp gjennom tiden: Oss bekjent to familier som flytta permanent til Vikebygd.
 - o Til sammenligning i Tysvær når Kårstø-anlegget ble bygd på første halvdel av -80 tallet: Ingen som flytta til selve Kårstø-området/Falkeid. Skolen der ble lagt ned og flytta til Tysværvåg.
 - o Selv om store prosjekt ikke kan sammenlignes direkte, illustrerer historien at store industriprosjekt i distriktet her ikke har medført noe permanent tilflytting å snakke om lokalt.
- Planutredningen bør notere seg at det er stor lokal motstand mot prosjektet. Status for oppropet Bevar Ålfjordens Perle! 17.12.2023: 731 signaturer totalt, hvorav 222 signaturer er fra fastboende i Vikebygd og 229 signaturer er fra hyttebuende i Vikebygd."

Forslagsstillar sin kommentar:

Dispensasjonssøknaden for fase 1 er ikkje del av fastsetting av planprogrammet. Ein eventuell klagesak er ei eiga sak som går parallelt med planarbeidet. Resultatet frå klagesakshandsaminga vil bli innarbeidd i endeleg planforslag eller plan. Føremålet med reguleringsplanen, løysingar og krav vil bli konkretisert etterkvart som utgreiingane er gjennomført.

Temaet "verknader for lokalsamfunnet", vil ein greia ut, jf. 8.3.4 i planprogrammet. Perspektivet er både lokalt inklusive nærmiljø samt regionalt/nasjonalt for denne næringsklynga. Det skal vurderast kva ein kan forventar av arbeidsplassar, kor mange tilflyttarar ein kan forvente å få, samt kvar dei skal bu, om det er sett av nok areal til bygging av bustader, fysisk infrastruktur og kapasitet på sosial infrastruktur (skule, barnehage) i kommunen.

Planforslaget skal vise kva typar infrastruktur som trengst og kva endringar av dagens infrastruktur som blir naudsynte. Området skal kartleggast av fagkunnige, både på land og i sjø som skal avdekka naturmangfaldet i planområdet og influensområdet. Influensområdet skal definerast nærmare av fagkunnige i utgreiingsfasen..

Forslagsstillar er kjend med dei nasjonale forventningane til handsaming av myr og karbonrike areal, og vil handsama problemstillinga etter gjeldande regelverk.

Opparbeiding vil krevje ein omfattande handtering av massar. Det skal utarbeidast ein plan for massehandtering med vurdering av rekkefølge, tidsperspektiv og handtering av støy-, støv- og lysforureining av denne aktiviteten som er ein del av føresetnaden for utvikling av industriområdet. Eventuelle naudsynte avbøtande tiltak vil bli omtala og innarbeidd i planforslaget.

Folkehelse skal greiast ut og blir innarbeidd i planprogrammet.

31. Siv Bente A. Larsen og Martin Ulvebne Larsen, datert 2023-12-17

"Merknader til Plan for Windafjord Port – Dommersnes industriområde Plan 1160-2023-08. Vi er eiere av GBNR 332/66 og er nærmeste fastboende nabo til Dommersnes Industriområde med en avstand på kun 5M, vi har bodd på eiendommen siden 1991. I tillegg har vi eiendom 333/1 samt noen hyttetomter utskilt fra GBNR 333/1 som og vil bli sterkt berørt av utvidelsen av industriområde. Vi er sterkt imot planen for utvidelse av Dommersnes industriområde, dette vil påvirke negativt for hele Vikebygd med både støy, støv og dårligere livskvalitet og da spesielt oss som er nærmeste fastboende.

Merknader:

- Det må utredes en plan for å kunne utvide reguleringsplanen med å innberette vår eiendom GBNR 332/66 i reguleringen.
- Det må utredes en plan for hvordan en tenker å ivareta oss som nærmeste nabo som blir direkte berørt av denne utvidelsen, da denne planen har så store avvik fra opprinnelige plan for industriområde fra 1980.
- Det må utredes en plan for hvordan støy, støv og 24/7 arbeider berører oss som nærmeste nabo.
- Det må utredes en plan for å kunne kjøpe ut eiendommen vår. (332/66)
- Det må utredes for hvordan en tenker erstatning for en verdiforringelse av vår eiendom.
- Det må lages en utredning for tidsmessige plan for eventuell oppstart/ferdigstillelse av en utvidelse."

Forslagsstillar sin kommentar:

Det er ikkje naudsynt å inkludere eigedomen i planen for å kunne vurdere konsekvensane for gnr. 332/66. Føremålet med arbeidet er å regulere til industriformål, og det er difor meir naturleg å behalde plangrensa som i gjeldande plan. Støy og støv er tema som inngår i konsekvensutgreiinga.

Eventuell innløyising av eigedommar , vil ein ikkje ta stilling til i sjølve planarbeidet. Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Windafjord Port vil ha ein eigen prosess knytt til eigedommar og bedrifter som ligg innafør planområdet.

Planarbeidet vil vurdere rekkefølge for tiltak, men vil ikkje innehalde ein konkret tidsmessig plan for oppstart/ferdigstilling av utviding, fordi dette er avhengig av mange faktorar.

32. Sveinung Askeland, datert 2023-12-17

“Som grunneier på vestsiden av Ålfjorden med direkte utsikt til Dommersnes industriområde blir vi sterkt berørt av alt som skjer på Dommersnes. Lyd- og lys forurensning er til stor sjenanse for alle på denne siden av fjorden (Dette har vi lang erfaring med. Lyd bærer direkte over fjorden). Vi kan ikke se at dette er hensynstatt i planarbeidet. Verditapet av eiendommene vil bli betydelig. Det kommer dårlig fram hvor stor båttrafikk det vil bli og hvor mye areal som vil bli brukt til lagring av vindmøller. Ikke minst er det av interesse hvor mye areal i fjorden som vil bli beslaglagt ang. oppankring av møllene. Hva med båttrafikken i fjorden?? Hvor stort sikkerhetssone er tenkt rundt oppankrede møller (dette er en smal fjord)”

Forslagsstillar sin kommentar:

Lyd- og lysforureining vil bli konsekvensutgreidd etter gjeldande regelverk. Konsekvensar planarbeidet vil føre med seg vil bli forklart, og eventuelle behov for avbøtande tiltak vil bli vurdert og innarbeidd i planforslaget. Planarbeid vil alltid kunne påverka verdi på eigedom både innafor planområde og utanfor, men det kompenseras ikkje for dette i norsk rettssystem som ein direkte oppfølging av ein godkjend plan. Trafikk på sjøen vil bli greia ut gjennom tema “friluftsliv”. Det vil bli utarbeida illustrasjonar som syner areal til oppankring og lagring av vindmøller og ut frå dette skal det vurderast omsynssone for oppankra vindmøller i plankart. Denne delen av mogleg verksemd, styrast av havne- og farvannsloven og allereie godkjende ankring og riggområde.

33. Sølvi Apeland Rogde, datert 2023-12-17

“Merknad til Detaljregulering for Dommersnes Industri- og Havneområdet.

Som eier har jeg investert betydelige ressurser i dette området gjennom årene, og jeg håper følgende punkter blir nøye vurdert i planprosessen:

1. Økonomisk Investering: Vi har lagt ned betydelig tid, arbeid og økonomiske ressurser for å utvikle og opprettholde vårt hyttefelt. Dette var ett arbeid som startet på 1980 tallet. En grundig vurdering av den foreslåtte utviklingen bør inkludere hvordan dette kan påvirke verdien av vår eiendom og våre investeringer. Slik forslaget i høringen er frykter vi at hyttefeltet vil miste sin verdi og at vi vil kunne få solgt våre hyttetomter, da industri området vil grense til vårt område.
2. Privatliv og Estetikk: Vårt hyttefelt er tenkt å være ett sted for avslapning og rekreasjon. Vi har regulert vårt hyttefelt til å ha ledig areal mellom tomtene slik at en har mulighet for privatliv. Jeg oppfordrer til nøye vurdering av hvordan den planlagte utviklingen kan påvirke privatlivet vårt og estetikken i området. En realisering av den planlagte utviklingen kan føre til en betydelig reduksjon i eiendomsverdien for oss og andre eiere i området. Jeg ber om at konsekvensene for eiendomsverdi blir nøye vurdert.
3. Påvirkning av Våre Planer: Vår egen planlegging og utvikling av hytteområdet kan bli satt betydelig tilbake dersom den foreslåtte utviklingen blir realisert. Slik vi ser det så vil vi ikke kunne selge hyttetomtene med at det foreligger en reguleringsplan som vi forringe våre tomtar. I og med at vi allerede har investert store summer i dette feltet vil en gjennomføring av reguleringsplan medføre at vi sitter igjen med gjeld. De 48 tomtene ville ha bidratt positivt i Vikebygd ved turisme og økt handel.
4. Miljøpåvirkning: Den foreslåtte industriutviklingen vekker bekymring med tanke på miljøkonsekvensene. Da særlig støy og mulige utslipp. Vi ser i høringen at det er planer om store inngrep i sjø og på land. Dette ser vi på som miljøkriminalitet.

Forslagsstillar sin kommentar:

Endeleg planforslag vil sette rammene for utviklinga av område og det vil der gå fram kva for konsekvenser som vil bli vurdert og hvilke konsekvenser som blir identifisert.

Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Windafjord Port vil ha ein eigen prosess knytt til eigdommar og bedrifter som ligg innafor planområdet.

I første omgang skal plan- og utgreiingsprosessen sjå på verknadene planen vil ha på landskapet og ei rekke andre tema som er viktig for omgjevnaden. Det skal utarbeidast illustrasjonar som syner korleis området kan bli sjåande ut når det er ferdig utbygd. Konsekvensar for miljø og naturmangfald på land og i sjø skal greiast ut basert på kartlegging av naturmangfald. Også friluftsliv (8.3.6) og verknader for lokalsamfunn skal konsekvensutgreiast før planforslaget utformast. Då vil ein kunne sjå kva for konsekvensar planane vil ha for hytteområde.

34. Terje Gausvik og Randi Torunn Larsen, datert 2023-12-17

“Min kone Randi Torunn Larsen Gausvik og jeg har vært naboer til industri feltet i 35 år og er fødd og oppvokst i Vikebygd.....Vi føler at vi har en todelt mening om den kommende reguleringsplanen. En for oss som nærmeste nabo og en for det som vi mener er det beste for bygda som vi har vokst opp i.

..... Vi mener at støy, støv og andre forurensinger vil forringe vår livskvalitet betraktelig. Tilgang til naturen, dyr og fugleliv og tilgang til sjø vert sterkt redusert. For oss vil det bety å leve med støy og støvplager i mange år fremover. Verdien av eiendommen blir kraftig redusert og i praksis umulig å selge. Vi ønsker derfor å tas med i den nye reguleringsplanen, og eventuelt ha mulighet til å få eigendomen vert løyst ut dersom trinn 2 og 3 vert realisert.

Når det gjelder Vikebygds ve og vel mener jeg at det er en katastrofe å få et så enormt prosjekt så tett inn på seg. Vikebygd har alltid vært en fritids-bygd med mye hytter og en del småindustri. Og det mener jeg det skal fortsette med å videreutvikle.

Området som er tenkt regulert har en rik natur med mangfold av dyr og fugleliv. Er også eit turområde som vert benyttet av både fastboende og hyttefolk hele året. Det må selvfølgelig også konsekvensutredes hvordan dette påvirker natur og dyreliv. Det gjelder også eventuelt utfylling av Brønnavika der det er gyteplass for torsk og er også rikt på andre fiskearter som lange, lyr, sei og brosme og mange flere arter. En konsekvensutredning her må selvfølgelig være med. Vår mening om dette er at det er at det vil få en enorm konsekvens for fisk og plantelivet som aldri kan opprettes igjen.

Det som vi konkluderer med er at dersom dette prosjektet blir realisert blir aldri bygda den samme og den skaden som vært gjort i naturen vil bli uopprettelig. Kan ikke sjå at fordelene blir større en bakdelene dersom dette blir realisert.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Mykje av innhaldet i merknaden er retta mot konsekvensar både for eigen eigedom og bygda basert på erfaringar å vera nabo til Dommersnes i over 35 år. Synspunkta takast til orientering. Det er lagt opp til utgreiing av støy, støv og lys i planprogrammet. Ein legg opp til å laga støysonekart som ein del av utgreiing av støy knytt til tiltaket som skal følgje rettleiar T1442/2021. Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Forhold knytt til naturmangfald på land og i sjø inklusive fiskeri skal greiast ut og artar i området skal kartleggast.

35. Vikebygd grendautval, datert 2023-12-17

“Det er omfattande endringar og planar som er lagt fram for Dommersnes industriområde og både i bygda - og i Grendautvalet – er meiningane delte når det gjeld planane. Alle ynskjer auka tilflytting til bygda, nokre meiner at satsing på storindustri vil gi auka folketal – andre meiner det motsette. Vidare er mange bekymra for korleis dette vil påverke bygda «visuelt», både når det gjeld naturinngrep/planering av området kombinert med svært høge/store installasjonar (og trafikk) i fjorden.

- «Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for eit større nærings- og hamneområde til sjø gjennom berekraftig utnytting og ombruk av eksisterande industriområde» (ref. pkt 2.3.). Kva er «berekraftig utnytting»?
- I planen skal det utgreiast for mogleg sambruk med andre næringar, evt alternativ bruk av arealet (ref. pkt 2.3.). Dersom havvind-aktivitet ikkje blir noko av, eller minkar i omfang, er det ynskjeleg at det blir arbeidd for at området skal tiltrekke seg næringsaktivitet – ikkje at det ende som «lagerplass».
- Omlegging av vegen er og omtala i pkt 2.3. Omlegginga inneber å bygge ny veg «rundt» industriområdet. Det kan i seg sjølv vere positivt, men løyser ikkje dei utfordringane som ein har når det gjeld vegen inn til bygda! Deler av vegen er utbetra dei siste åra, men framleis er store delar av vegen så smal at personbilar ikkje kan passere frit. Stor aktivitet på Dommersnes vil forsterke behovet for samanhengande gang-/sykkelsti frå sentrum av bygda/butikken til industrifeltet. Erfaringane frå Hywind Tampen prosjektet er at det var mange folk på brakkeriggen, inkl.gåande/syklende langs vegen før/etter arbeidstid. Trafikken på vegen er stor allereie - både av personbilar og tungtransport. Ny aktivitet på industriområdet vil uansett innebære auka trafikk og då må heile vegen frå Isvik oppgraderast samtidig som mjuke trafikantar blir sikra i bygda!
- Omfang/tal møller under arbeid er omtala i pkt 3.1./side 10 i planframlegget. Når i prosessen vil desse bli sjøset? Kvar skal ferdige møller lagrast i påvente av slep? Kor mange månader i året er det realistisk å gjennomføre slep ut til feltet? Kor store delar av fjorden vil bli «båndlagt»? Er det aktuelt at ferdige møller blir liggande i Kystverket sitt regulerte riggområde i Ålfjorden, i påvente av slep? Forventa omfang må visualiserast i realistiske teikningar.
- Eksisterande næring er kort nevnt i pkt 3.2./side 15. Det er viktig for bygda å behalde desse arbeidsplassane og det trengs ei avklaring – snarast mogleg - på kvar dei får tilbod om alternativ tomt. Planane vil ha særleg stor innverknad for dei som har hus og hytter tett opp til industrifeltet. Også for eigarane av desse eigedommane er det viktig med ei snarleg avklaring!
- Verknader for lokalsamfunnet (pkt 8.3.4). Dette punktet er svært viktig for bygda, og slik planframlegget er utforma no er det mykje som «kan utførast»:o «Effektar av tiltaket som kan analyserast er direkte og indirekte sysselsetingsverknader (underleverandørar), samt konsumverknader som følgje av ny etablering av næringsverksemd på området. I tillegg kan det gjennomførast analyse av andre samfunnsaspekter» «Det kan gjerast analyse av både investerings- og driftsfasen». (våre uthevingar)

Me ber om at det blir endra frå «kan» til «skal».

Under kulepunkta/tema for utgreiingane må desse temaene inn:

- Tilflytting som resultat av satsinga. Kor mange nye fastbuande kan ein vente seg (i Vikebygd/i kommunen)? Kvar skal dei komme frå og kor skal dei bu? Kva er erfaringane frå andre stadar og/eller tilsvarande utbyggingar?
- Ferie/fritidsmarknaden. Den er p.t. viktig for bygda då me har mange fritidsbustader og andre gjester, t.d. folk som går tur i fjellet. Me ber om at konsekvensane for denne marknaden også blir vurdert. Vedk. metode: «Nøkkelparameter frå liknande analyser andre stadar, supplert med intervju». Betyr det at det ikkje vil bli

gjort eiga analyse/konsekvensutgreiing med utgangspunkt i Vikebygd? - noko me meiner er viktig. Kva med «faktiske erfaringar»(t.d. mtp. tilflytning) frå tidlegare prosjekt både i bygda og andre stader i landet?

Forslagsstillar sin kommentar:

Merknaden/uttalen prøvar å samle eit felles synspunkt frå bygda då det naturleg nok er varierende oppfatningar av konsekvensane den varsla planen vil medføre. Hovudpunkt kommenterast nedanfor med tanke på om planprogrammet har tatt høgde for element som er nemnd.

Reguleringsplanen skal gjennom nærare omtale av tiltaket og gjennom tema «klimagassregnskap», jf. Kap. 8.3.8 gjera greie for «berekraftig utnytting».

Målsettinga er å utvikle eit næringsområde for havvind konstruksjonar som også tar høgde for anna industriverksemd dersom havvind ikkje får eit omfang som krev heile området. Område regulerast ikkje til lagring og er ikkje eit hovudføremål , men lagring på deler av område og i periodar vil alltid vere naudsynt.

Det skal utarbeidast ein trafikkanalyse/mobilitetsanalyse som vil peike på eventuelle utfordringar med tanke på bil, gange og sykkel jfr. uttale frå Rogaland Fylkeskommune. Planarbeidet vil ikkje omhandla vegen frå Isvik til Vikebygd, men den delen som blir råka av planarbeidet. Her vil ein vurdere mellombels løysingar i anleggsfasen og trinnvis utbygging som skal ivareta trafikktryggleik til alle som passerer området.

Total kapasitet og ulike produksjonslinjer for samanstilling av havvindkonstruksjonar vil bli vurdert gjennom heile planprosessen. I kva grad ferdige vindmøller skal vere oppankra i planområde likeså. I første omgang er det sett på korleis ein slik produksjonslinje kan sjå ut ved å utvikle område innafor fase 2. Sjå skildring av ei slik løysing under kapittel 3.1 i planprogrammet. Det kan bli ulike produksjonslinjer avhengig av konkrete havindprosjekt og det kjem derfor ikkje til å bli sett opp faste tal for antall konstruksjonar i endeleg planforslag. Vurderingane som blir gjort både med tanke på moglege produksjonslinjer og i utarbeida KU og ROS kan resultere i konkrete føresegner som regulerer omfanget.

Diverre gir dette en periode med usikkerheit for alle naboar og grunneigare fram til planen er vedtaten.

Setningane det er vist til i kapittel 8.3.4 blir endra til: «Effektar av tiltaket som skal analyserast er direkte og indirekte sysselsetingsverknader (underleverandørar), samt konsumverknader som følgje av ny etablering av næringsverksemd på området. I tillegg skal det gjennomførast analyse av andre samfunnsaspekter» «Det skal gjerast analyse av både investerings- og driftsfasen» og utførast av kunnige fagpersonar. Tilflytting og nye fastbuande, samt infrastruktur vil også vere tema under “verknader for lokalsamfunnet”.

Samfunnsmessige konsekvensar for Vikebygd, inkludert ferie/ fritidsmarknaden må bli vurdert opp mot liknande analyser andre stadar. Det betyr blant anna at faktiske erfaringar frå andre prosjekt i bygda og andre stadar blir tekne med i vurderingane som blir gjort. Det vil bli gjennomført intervju av utvalde nøkkelpersonar.

36. Berit Apeland Lilleås, datert 2023-12-18

“..... Jeg ønsker å gi følgende merknader angående den foreslåtte detaljreguleringen for industri- og havneområdet i nærheten av vårt hyttefelt. Som en av eierne har jeg investert betydelige ressurser i dette området gjennom årene, både penger og arbeid, og jeg håper følgende punkter blir tatt med i vurderingen

1. Økonomisk Investering: Vi har lagt ned betydelig tid, arbeid og økonomiske ressurser for å utvikle hyttefeltet vårt..... Reguleringsarbeid er både dyrt og tidkrevende og hadde nok muligens ikke blitt igangsatt om vi hadde hatt kunnskap om at kommunene vil legge industri som nærmeste nabo. En grundig vurdering av den foreslåtte utviklingen bør inkludere hvordan dette kan påvirke verdien av

- vår eiendom og våre investeringer. Slik forslaget i høringen er frykter vi at hyttefeltet vil miste sin verdi og at vi vil kunne få solgt våre hyttetomter.
2. Privatliv og estetikk: Vårt hyttefelt er tenkt å være ett sted for avslapning og rekreasjon. I vår reguleringsplan er det mye ledig areal mellom tomtene slik at en har mulighet for privatliv. Jeg oppfordrer til nøye vurdering av hvordan den planlagte utviklingen kan påvirke privatlivet vårt og estetikken i området. En realisering av den planlagte utviklingen kan føre til en betydelig reduksjon i eiendomsverdien for oss og andre eiere i området. Det ligger allerede flere hytter i det aktuelle området og det må tas med i vurderingen både den økonomiske og ikke mist den innvirkningen det kan ha for rekreasjon. Jeg ber om at konsekvensene av dette også blir nøye vurdert.
 3. Påvirkning av våre planer: Vår egen planlegging og videre utvikling av hytteområdet kan bli satt betydelig tilbake dersom den foreslåtte reguleringen blir realisert. Slik vi ser det så vil vi ikke kunne selge hyttetomtene med at det foreligger en reguleringsplan som vi forringe våre tomter. I og med at vi allerede har investering store summer i dette feltet vil en gjennomføring av reguleringsplan medføre at vi sitter igjen med gjeld. De 48 tomtene vi har på hyttefeltet kunne medført at 48 familier kunne benyttet seg av de tilbud Vikebygd har å tilby. Jeg vet av erfaring at flere av de som allerede har hytter i Vikebygd bor der i lengre perioder og pendler til jobb, så med 48 «hyttefamilier» er det stor mulighet for økt handel.
 4. Miljøpåvirkning: Den foreslåtte industriutviklingen vekker bekymring med tanke på miljøkonsekvensene. Da særlig støy og mulige utslipp. Jeg ser i høringen at det er planer om store inngrep både i sjø og på land. Ett slikt massivt inngrep vil påvirke miljøet og det er nødvendig at en ser på alle konsekvensene dette vil få både for dyreliv og mennesker. Jeg synes det er bemerkelsesverdig at en fra utbyggerside tar så lett på det at det er gyteområde for torsk i det området en skal regulere. «Torsken gyter nok ikke i ring» var utsagnet på folkemøtet i Vikebygd. Håper dette var ett forsøk på å være morsom og ikke ett uttrykk for holdningen til utbygger har til miljø og det ansvaret en påtar seg som utbygger.

Forslagsstillar sin kommentar:

Endeleg planforslag vil sette rammene for utviklinga av område og det vil der gå fram kva for konsekvenser det vil ha for eigedommane.

Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Windafjord Port vil ha ein eigen prosess knytt til eigdommar og bedrifter som ligg innafor planområdet.

I første omgang skal plan- og utgreiingsprosessen sjå på verknadene planen vil ha på landskapet og ei rekke andre tema som er viktig for omgjevnaden. Det skal utarbeidast illustrasjonar som syner korleis området kan bli sjåande ut når det er ferdig utbygd. Konsekvensar for miljø og naturmangfald på land og i sjø skal greiast ut basert på kartlegging av naturmangfald. Også friluftsliv (8.3.6) og verknader for lokalsamfunn skal konsekvensutgreiast før planforslaget utformast.

37. NVE, datert 2023-12-18

“... Forholdet til vassressurslova (vrl.) Det er fleire tema som er lista opp og som skal greiast ut i konsekvensutgreiinga. Mest relevant for NVE er vassmiljø. I planprogrammet kapittel er det vist til at planarbeidet skal avklare behov for konsesjon etter vassressurslova og at NVE skal godkjenne uttak av vatn frå vassdrag eller grunnvatn. Det står at «Meir enn 100m3/døgn utløyser meldeplikt iht. energi- og vassdragsloven». Det riktige skal vere vassressurslova. Det er bra at det er tydeleg i planarbeidet at det kan bli behov for konsesjon. Ta gjerne kontakt med NVE så snart de har oversikt over vassuttaket – mengder og kjelde, slik at det kan bli avklart med NVE så tidleg som mogleg i planarbeidet. Viss forholdet til vassressurslova ikkje er avklart ved offentleg ettersyn, har NVE heimel til å fremje motsegn til planen i pbl §

5-4. Vi viser og til NVE Veileder 2/2017: Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging : grunnlag for innsigelse.

Det står i planprogrammet:

10.4 Vassressurslova For større uttak av prosessvatn eller kjølevatn vert det kravd konsesjon i samsvar med vassressurslova. Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) - Lovdata. – Det må avklarast med kommunen kva mengder som kan leverast til verksemdene her.

Det er planlagt terrenginngrep og sprenging av terreng. Både vassuttak og fysiske inngrep kan gi slike verknader at det utløyser konsesjonsplikt etter vassressurslova. For grunnvassuttak er konsesjonsplikta basert på verknader for nærliggjande vassdrag og kven som bruker vatnet som blir teke ut (vrl. § 45).

Energianlegg

Det er behov for ca. 5 MW elektrisk effekt til industriområdet når det er i full drift med prosjekter. Dommersnes har vore i dialog med netteigar Haugaland Kraft Nett AS som har meldt tilbake at det ville kunne gjevast 1,5 MW effekt innanfor ein periode på ca. 6 månadar som oppgradering frå dagens 800 kW som området har i dag. Det er førebels ikkje avklart om 22 kV leidning vil vera tilstrekkeleg for ei framtidig forsyning av området. Det er og opplyst at leidning er ny og helst ikkje bør flyttast som en del av ny vegføring, sjå raud linje i figuren under. Det er vist til figur 29. I motsetnad til vassressurslova, så er det slik at forholdet til energilova skal avklarast i etterkant av vedtatt arealplan. Det er viktig med god dialog med regionale nettselskap og Statnett for å avklare nettkapasitet i området. Dersom ikkje dei har fått varsel om planoppstart, så ber vi om at dei blir informert om planarbeidet.

Fare for områdeskred

Planområdet ligg under marin grense og fare for områdeskred må avklarast i samsvar med prosedyra i NVE Veileder 1/2019: Sikkerhet mot kvikkleireskred. Utfylling i sjø kan vere risikabelt med omsyn til fare for kvikkleireskred. Vi viser til NVE Veileder 1/2019: Sikkerhet mot kvikkleireskred kapittel 2.8 om Aktsomhet i strandsonen. Det kan vere svært vanskeleg å føresjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø. Skred i strandsona kan gå i alle typar lausmassar, sjølv om det ikkje er kvikkleire/sprøbrotmateriale. Difor må det gjerast grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering sjølv om planområdet er friskmeldt med omsyn på kvikkleire.

Flaum og overvatn

På side 29 står det opplyst at det er aktsemd for flaum ved bekk/myr nord i planområdet. Flaumfare må inngå i ROS-analyse. Ved behov for utgreiing av reell flaumfare viser vi til NVE Veileder 3/2023: Sikkerhet mot flom. Utredning av flomfare i reguleringsplan og byggesak. Overvatn er ikkje omtala i planprogrammet. Til informasjon så kjem det nye reglar om overvatn i pbl og TEK 17 frå 01.01.2024. Vi rår til at overvatn blir ein del av ROS-analysen.

Forslagsstillar sin kommentar:

Ending av lovheimel vil bli endra frå “energi- og vassdragslova” til “vassressurslova” i kap 8.1 pkt. D. Forhaldet til vassressurslova skal vera avklart før offentlig ettersyn.

Det skal avklarast med kommunen kva mengder vatn som kan leverast til verksemdene, samt avklarast om vassuttak og fysiske inngrep vil krevja søknad om konsesjon.

Når det gjeld energianlegg vil forhold knytt til energilova bli avklart i etterkant av vedteken arealplan. Tiltakshavar har dialog med netteigar. Statnett er varsla om planarbeidet, men det er ikkje motteke merknad frå dei.

Behov for geotekniske undersøkingar i området vil bli kartlagd og det er krav til at desse blir utført slik at naudsynt dokumentasjon angåande områdestabilitet blir lagt ved planforslaget og ROS-analyse. Geoteknisk detaljprosjektering blir utført når planen er godkjent, og vil følge med søknad om løyve til tiltak dersom det er naudsynt.

Tekst i kapittel 3 blir endra til også å omhandle overvatn i tråd med nye reglar i plan- og bygningsloven og TEK 17. Flaumfarevurdering vil inngå i ROS-analysen i hovudsak knytt til havnivå og bølger. Bekk som går gjennom Såtemyr og nordover blir ikkje rørt. Dersom det oppstår trong for utgreiing, vil ein følge rettleiar 3/2023 Sikkerhet mot flom. Alle krav til NVE vil bli ivareteken gjennom standard dokumentasjon som inngår i ROS-analyse og planforslaget.

38. Richard Svelland, datert 2023-12-18

“Jeg er eier av fritidseiendom på Ullevne, (gnr. 334, bnr. 20). Den varslede reguleringsplanen og virkeliggjørelsen av den vil innebære en gigantindustri som vil forskyve mange av de kvalitetene og verdiene som nå ligger i fjorden og stedet Vikebygd, over i klart omkalfatrende og negativ retning. Særlig vil dette gjelde naturmangfoldet i sjø og på land, virkninger for lokalsamfunnet, friluftsliv, landskap, vannmiljø og forurensing i grunn/sjø og støy (inkludert lysforurensing) Jeg vil særlig vise til følgende merknader som jeg har lest og støtter.....

.....I tillegg (men delvis også i tråd med ovennevnte) vil jeg særlig bemerke: En i mye større grad nasjonal, regional og kommunal samkjøring må på plass, for å unngå at en lokalt skynder seg så mye at en ødelegger natur «på hvert et nes i hver en kommune». I den forbindelse bør bl.a. Vindafjord kommune spørre seg om den, i sin higen etter vindindustri, skal ødelegge fjordmiljøet på to steder i samme kommune (Raunes + Dommersnes).Noe av vindturbin-bransjens påståtte utviklings- og effektivitetspotensial – og mål – innebærer stadig større, og dermed høyere, vindturbiner. Høyden på ferdigstilte og lagrede turbiner med blader vil altså i et langtidsperspektiv sannsynligvis vokse, med en tilsvarende voksende dominans og influens i bygde- og fjordmiljø. Dette må betenkes videre i planprosessen. Statsforvalteren etterspør folkehelse-perspektivet i den videre planprosessen. Det gjør også jeg. At en virkeliggjørelse av planene på Dommersnes vil ha konsekvenser for både psykisk helse og livskvalitet er innlysende og vesentlig. Og ev. rammer det ikke bare lokalt rundt Dommersnes. Naturen ved og i Ålfjorden, betyr mye for mange fra hele regionen.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Manglande element i utkast til planprogram som vurdering av folkehelse og påverknad av lokalsamfunnet er føydd til revidert planprogram. Dei andre tema som er omtalt i merknaden er teken med i planprogrammet.

39. Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, datert 2023-12-18

“Fylkesdirektøren har vurdert saken som sektormyndighet innenfor kulturminnevern. Saken er også oversendt Stavanger maritime museum som fag- og forvaltningsmyndighet for kulturminner i sjø- og vassdrag. Stavanger maritime museum (Smm) skal som fag- og forvaltningsmyndighet, ta stilling til forholdet til freda kulturminner i de delene av varsla området som inngår i sjø, etter kulturminneloven med forskrifter.

SMM har i denne saken varslet at det er behov for marinarkeologiske registreringer. Vi kan ikke gi en endelig uttale før dette er avklart og ber tiltakshaver ta kontakt med SMM for få dette avklart (se vedlegg).”

Forslagsstillar sin kommentar:

Forslagsstillar/tiltakshavar tek kontakt med SMM for vidare avklaring rundt marine arkeologiske registreringar og fastsetting av planavgrensing for undersøkingane

40. Vindafjord kommune v/Miljøretta helsevern, datert 2023-12-18

“....., men vi noterer at Folkehelseloven ikke er nevnt i forslag til planprogram.....Vi ber derfor om at Senter for Miljørettet helsevern blir holdt løpende orientert i planprosessen.

Planen legger opp til en omfattende utvikling av området på Dommersnes i flere faser, og det er boliger og fritidsboliger i nærheten som vil bli påvirket av tiltaket. Videre vises det til at nåværende reguleringsplan «ikkje er tilstrekkeleg oppdatert og tilfredsstillar truleg ikkje dagens krav» Det er således viktig at planprogrammet beskriver hvordan en helsekonsekvensvurdering blir ivaretatt. Helsekonsekvensvurderinger (HKV) belyser positive og negative helsemessige konsekvenser, og gir en samlet vurdering knyttet til endringer i helsetilstand og helserisiko for ulike befolkningsgrupper, og synliggjør hvordan beslutninger og tiltak i ulike sektorer kan påvirke befolkningens helse (jfr. Folkehelseloven §11).

Forslagsstillar sin kommentar:

Folkehelse vil bli konsekvensutgreia som eige tema.

41. Kystverket, datert 2023-12-19

“... Et velfungerende sjøtransportsystem bestående av farleder, havner og havneterminaler mv. er svært viktig for næringsutvikling og bosetting langs kysten, for at norske bedrifter kan inngå i komplekse og globale handels- og produksjonssystemer.

Ved planlegging i sjø må det tas hensyn til sjøvertsferdsel, og det er derfor viktig at det ikke planlegges tiltak/aktiviteter som kan komme i konflikt med fremkommeligheten i farvannet. De tiltak som planlegges etablert må dimensjoneres slik at de kan motstå påregnelig drag og bølgeslag i området. Konsekvensene av planlagte tiltak må vurderes i forhold til sjøvertsferdsel.

Vi gjør oppmerksom på at tiltak, som kan påvirke sikkerheten, ferdsele eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvannet, krever tillatelse etter havne- og farvanns-lovens § 14. Det må tas med i planbestemmelsene at tiltak som faller inn under havne- og farvannslovens bestemmelser skal godkjennes av havnemyndighet....”

Forslagsstillar sin kommentar:

Føremålet med forslag til planprogram er å avklare kva som må utgreiast og dokumenterast for å kunne nytte Ålfjorden til inn- og utskiping av konstruksjonar som skal settast saman på Dommersnes. Den nye verksemda vil med andre ord både krevje farlei som kan nyttast og ankringsplass. Begge delane ligg i Kystverket sitt system og i kommuneplanane. Det kan bli behov for ein fagrapport for dialogen med kystverket, for å kunne kome med konkrete forslag som gir ramme for planutforming. Det er ikkje i samsvar med pbl. å utsetje desse vurderingane til ein konkret søknad etter at planen er godkjend. Element som rører ved tryggleik, beredskap og forsvar, vil også inngå i ROS-analysen. Det vil som i alle reguleringsplanar som viser tiltak i sjø, bli vist til hamne- og farvasslova i tillegg til plan- og bygningslova sine krav.

42. Lillian Dommersnes, datert 2023-12-21

“1. For dårlig veg til tungtransport. Den må utbedres og bli mye bedre.....

3. Jeg eier en hyttetomt i Kolthaugveien, og er ikke interessert i veier tett inn på tomta med støy og bråk. Tomta går også ned i verdi.

4. Hvorfor ødelegge Ålfjorden? Det er den flotteste fjorden som finnes.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Merknaden stillar spørsmål ved etableringa og fleire konkrete forhold som er knytt til saka. Tema som nemnes er mellom anna oppgradering av veg og korleis trafikkforholda skal løysast i anleggsfasen, dei forskjellige trinna og i endeleg situasjon. Alle tema skal greiast ut i planarbeidet. Planforslaget blir utarbeida når konsekvensutgreiinga er gjennomført.

43. Judith Tove Dommersnes Andersen, datert 2024-01-06

“Ser på planen at industrifeltet kjem ganske nær tomta mi i bakkant. Veit ikkje kva aktivitet som er tenkt så langt nordover på industrifeltet så eg er svært skeptisk til denne utbygginga. Verdien på tomtene våre og kosen med å være der vert svært redusert slik eg kan sjå det.”

Forslagsstillar sin kommentar:

Avstanden frå hyttetomta til areal som er regulert til industriføremål er på ca. 80 m. Ei eventuell omlegging av fylkesvegen vil medføre at fylkesvegen vil gå i ein avstand på ca. 100 m frå tomta.

Verdivurderingar av eigedomar skal ikkje inngå som ein del av planforslaget, jf. Plan- og bygningsloven. Windafjord Port vil ha ein eigen prosess knytt til eigedommar og bedrifter som ligg innafor planområdet.

Påverknad frå endring av landskapet, støy, lys og støv vil bli greia ut gjennom planarbeidet. Eventuelle konsekvensar og avbøtande tiltak vil bli omtala..

44. Bjørg Danielsen/Ove Jølbø og Camilla S. Dommersnes/Tor Dagfinn D. Dommersnes, datert 2023-12-15

Vi er eiere av hytte-eiendommene i Leirhammarvegen 11 og 17, Gnr/Bnr 333/21 (Dommersnes) og 333/27 (Jølbø) samt tomt Gnr 332/Bnr 107 (Jølbø).....

...Prosjektets faser må ses under ett

Innledningsvis vil vi kreve at alle prosjektets tre faser ses under ett, det er ikke mulig å løsrive de enkelte elementene. Dagens reguleringsplan er mer enn 40 år gammel. Hvilken rettslig status har den?Vi mener det er avgjørende at prosjektet legger fram illustrasjoner som er realistiske for hva som skal skje både på land og i sjø. Det må visualiseres hva som blir totalinntrykk av industriprosjektet, fra ulike vinkler, fra land og sjø og på ulik avstand.

Bruken av området

Det framgår av planforslaget at det regulerte området primært skal benyttes til sammenstilling av havvindkonstruksjoner. Andre formål området eventuelt kan nyttes til sekundært er listet opp på side 14 i planforslaget. Hvor omfattende utredningskrav/konsekvensanalyser vil det være for hver enkelt av disse nevnte tiltakene?

Konstruksjon av offshore-vindkraftturbiner nevnes som del av tiltaket, jfr s 9 i planprogram under 3.1 «Omtale av tiltak». Hva innebærer begrepet «konstruksjon» i denne sammenheng, jfr at sammenstilling må forstås som montering av deler som allerede er fraktet til industriområdet.

Uklare tall for arealbruk

På side 6 i planforslaget, nest siste avsnitt, framgår det at «Areal som kan inkluderes i planen (kjem tillegg for moglege omsynssoner) utgjør totalt rundt 1100 dekar». Vi oppfatter det ut fra planforslaget slik at 1100 dekar dreier seg om en halvpart landareal og en halvpart industriområde/riggområde i sjø. Vi protesterer på at det skal legges til rette for et så stort industriområde både på land og i sjø — riggområdet vil strekke seg midtjords og vil dominere fjordlandskapet med vindturbiner som vil rage mellom 200 og 300 meter. Det synes heller ikke å være noen begrensning mht antall vindturbiner som kan ankres opp i fjorden. Hvilke omsynssoner er det man ser for seg i tillegg? Hvor store er de? Hvor ligger de?

Utsprengning av stein, skjæringer mv

Utsprengning av stein i det omfang det legges opp til med nivellering til kai nivå, synes å innebære at Dommersnes industriområde i en lang periode vil framstå som et pukkverk,...Det forventes en fullstendig redegjørelse for håndtering av steinen, inklusive knusing, transport mv. og de konsekvenser dette vil ha. Terrengmessige konsekvenser (skjæringer mv) må redegjøres for og illustreres.

Vikebygd før og etter eventuell industriutbygging og nedbygging av terreng

Dagens industriområde har siden Peconor-utbyggingen blitt brukt til ulike industriformål....Eksemplet viser at det er viktig å analysere hva slags virksomhet det er Dommersnes AS nå tar sikte på i Vikebygd, og om denne virksomheten vil kunne føre til positive, bærekraftige ringvirkninger i bygda med nye fastboende.....

Stedsidentitet er et sentralt stikkord for den bolysten innbyggerne må ha for at bygda skal være levende: Sterk nedbygging av natur og landskap vil virke negativt inn for trivsel og bomiljø — bygda med hus og hytter er ikke dimensjonert for et så stort enkelttiltak som Dommersnes AS legger opp til. ...I forbindelse med utredning av konsekvenser for lokalsamfunnet, er det naturlig at disse relaterer seg til Vikebygd som «lokalsamfunn».

Ny trase fylkesveg 4736

..... Det framgår ikke hva de samlede kostnadene for ny veg vil beløpe seg til, heller ikke anslag. Kostnader og plan for finansiering må redegjøres for.

Hastverk svekker tillit til saksbehandlingen

.....Vi protesterer mot en slik forsering av saksbehandlingen. Dersom planforslaget kjøres gjennom i ekspressfart, vil det kunne skape enda større tillitskrise hos de mange som er glade i Vikebygd og den flotte naturen der.

Forslagsstillar sin kommentar:

Illustrasjonar vil bli utarbeida i tråd med planinitiativet. Temaet landskap skal greiast ut, og ein vil her sørge for at illustrasjonar blir vist frå ulike vinklar. Utgreiingane som skal gjennomførast er omtala i kap 7 i Utkast til planinitiativ/Planprogram Windafjord Port Dommersnes industriområde. Omfang av omsynssonar vil bli vurdert i vidarearbeid med planforslaget. Plan for massehandtering skal utgreiast og utarbeidast.

Landskapsanalysen vil synleggjera inngrepa som skal gjennomførast. Planforslaget tek ikkje for seg kostnad og plan for finansiering av fylkesveg, dersom det blir naudsynt kan ein legge inn rekkefølgjekrav i føresegnene til planen. Førebels er det berre planprogrammet som har vore på høyring, planprogrammet gir føringar for det vidare arbeidet og gjer greie for kva utgreiingar som skal gjennomførast for å finne ut om ein kan nytte området til planlagt aktivitet. Forslagsstillar kan difor ikkje sjå at ein forsøker på forsering av sakshandsaminga, men ønsker i første omgang å få innspel til tema som må greiast ut.

Oppdragsgiver: Windafjord Port AS

Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr.: R05-V01 Vurdering av merknader_RFK_RD

E03	2024-02-16	For godkjenning av kommunen	martan	pso	ansand
A02	2024-02-02	Fagkontroll av Vurdering av merknader	martan	pso	ansand
A01	2024-01-31	Vurdering av merknader	martan	pso	ansand
A02	2024-02-02	Fagkontroll av Vurdering av merknader	martan	pso	ansand
A01	2024-01-31	Vurdering av merknader	martan	pso	ansand
Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.